

# VENELAGET OLAV H. HAUGE

Medlemshefte for Venelaget Olav H. Hauge, stifta 1999

April 2016

## Innhald i dette nummeret:

|   |    |
|---|----|
| Leiaren har ordet - Randi Jåstad                | 2  |
| Dikt - Anna Kleiva                              | 3  |
| Ulvik Poesifestival 2016                        |    |
| - Per Magnus Finnanger Sandsmark                | 4  |
| Om å undervisa i Hauge - Willy Dahl             | 5  |
| Fjellldrama i Osafjella                         |    |
| - James Greene, omsett av Olav H Hauge.         | 12 |
| Intervju med Stein Arnhold Hevrøy - Bjørn Finne | 15 |
| Meistermøte i Marseilles                        |    |
| - Elisabet Vallevik Engelstad                   | 18 |
| Kven er mannen i månen? - Sveinung Time         | 23 |
| Å lyda etter vinden - Anne Karin Fonneland      | 25 |
| Sjølvpportrett - Idar Stegane                   | 30 |
| «Elvi bortanum fjorden» - Steinar I. Bergo      | 31 |
| Styret med info                                 | 32 |



## Leiaren har ordet

### «Song, trø lett på hjarta mitt»

er tittelen på Hauge-programmet med ord og tonar som Venelaget arrangerer 10. september i samarbeid med Ulvik Poesifest 2016. Berit Opheim, Sigbjørn Apeland og Erlend Nødtvedt arbeider no med å setja saman eit program med utgangspunkt i Hauge-dikt som Per Indrehus har sett melodi til. Opheim syng og les, saman med Apeland på trøorgel og piano. Nødtvedt vil med sin særleine lesemåte framføra både egne tekstar og tekstar av Olav H. Hauge. Programmet opnar opp for improvisasjon og nye framføringsmåtar. Amboltprisen 2016 skal og delast ut under dette programmet.

Elles finn du oversikt over det varierte og innhaldsrike programmet på poesifestivalen 9. – 11. september på side 4 i dette heftet og på <http://www.poesifestivalen.no/up/no/>.

Vel møtt i Ulvik 9. – 11. september!

### Litt om skribentane i dette heftet:

**Anna Kleiva**, fødd 1985, er oppvaksten på Vinstra og bur no i Oslo. Ho debuterte i 2011 med diktsamlinga *Ti liknande versjonar*. I 2014 kom *Vårar seinare*, og i 2016 *Drikkeviser frå Paris*. Kleiva har fått mange prisar, mellom anna Bjørnsonprisen i 2015.

**Anne Karin Fonneland**, fødd 1956, er lyriker og forfattar frå Kvinnherad. Til dagleg underviser ho i norsk og samfunnsfag ved Kvinnherad vidaregåande skule. I 1996 debuterte ho med diktsamlinga *Marmormjolk* og ho har sidan skrivne fleire diktsamlingar og medverka i ei rekkje antologiar. I 2014 gav ho ut romanen *Apalgard*. Fonneland har også skrivne sakprosa om litteratur i ulike tidsskrifter. Fonneland er medlem i Venelaget.

**Elisabet Vallevik Engelstad**, fødd 1940, i Ulvik. Cand. philol. i 1969 med allmenn litteraturkunnskap, fransk, spansk hovudfag. Ho har arbeidd i den vidaregåande skulen i Oslo i mange år og skrivne fleire faglitterære bøker, mellom anna biografien *Åse Marie Nesse* og ei bok om fotopioneren Anders Paulsson Wallevik. I tillegg har ho skrivne artiklar i blad og bøker. Engelstad er medlem i Venelaget.

**Sveinung Time**, fødd 1946, er frå Kvam og arbeider som førsteamanuensis i norskseksjonen, Høgskolen i Bergen. Han har redigert Arne Garborgs samla verk, forska på nasjonal identitetsdanning og publisert fleire artiklar og bøker om litterære emne. Time er medlem i Venelaget.

**Willy Dahl**, fødd 1927 i Bergen. Mag.art. 1955. Lektor v. Bergen Katedralskole 1958-1965. Univ. lektor, seinare førsteamanuensis v. Nordisk inst. Univ. i Oslo, 1965-1976. Professor v. Univ. i Trondheim 1977-1981, v. Univ. i Bergen 1981-1992. Viktigaste bøker: *Stil og struktur*, 1965, siste utg. 1995; *Norges litteratur I-III* 1981-1989; *Dødens fortellere*, 1993; *Gjensyn*, 2005. Dahl er medlem i Venelaget.

**Bjørn Finne**, fødd 1967, er utdanna filolog frå Universitetet i Bergen. Han er no lærar på ungdomsskulen i Granvin. Han har tidlegare vore bibliotekar i Ulvik. Finne er no medlem i styret i Venelaget

**Idar Stegane** (f. 1940) er professor emeritus i nordisk litteratur frå Universitetet i Bergen og har vore oppteken av Hauge sidan studietida midt i 60-åra. Han tok magistergraden om dikta til Hauge i 1971, og avhandlinga vart boka *Olav H. Hauges dikting* frå 1974. Stegane har arbeidd vidare med Hauge sitt tekstunivers fram til no. Frå dagbøkene til Hauge går det fram at Hauge sette Stegane svært høgt, både som ven og fagperson. Stegane er medlem i Venelaget.

Randi Jåstad

den ubarmhjertige våren

har røska kledda av bakkane

let bjørkene

stå grå, nedbråna

i det krasse lyset

og før alt blir grønt igjen

er dette det naknaste ein kan sjå

blodårene lyser tvers gjennom

huda mi florlett

papir over kjøttet

over jorda

døden ligg så nære, rett under

**Anna Kleiva frå *Vårar seinare* (2014)**



## Mykje å gle seg til på Ulvik poesifestival

9.-11. september kjem Kolvein Falkeid, Pia Tafdrup, Lars Saabye-Christensen, Inger Elisabeth Hansen, Paal-Helge Haugen, Anna Kleiva og 18 andre poetar til Ulvik. Ane Dahl Torp kjem med Haugtussa. Solveig Slettahjell, Gabriel Fliflet og Kirsten Bråten Berg er òg blant dei som skal opptre.

Temaet for festivalen er *lengt*. Hå Olav H. Hauge finn me att lengt fleire stader i dikt og dagbok. Det er knytt til blant anna venskap, naturopplevingar, erotikk, diktning, død, handling eller endring. Hauge lengtar til og med etter «[...] realismens faste grunn[...]». Lengta etter noko står òg sentralt i samtidslyrikken i dag. Gjennom programmet på festivalen vil me sjå at lengta kan uttrykka seg på mange vis og kanskje dra oss til tankar me ikkje trudde me skulle tenkja.

## Heile 24 poetar

Me er stolte av at Kolvein Falkeid (82) har takka ja til å koma til festivalen. Den folkekjære lyrikaren skal samtala med Lars Saabye-Christensen 40 år etter at Saabye-Christensen debuterte med diktsamlinga *Historien om Gly*, som Falkeid var redaktør for. Saabye-Christensen skal òg saman med Tom Stalsberg og musikarane Ola Kvernberg og Amund Maarud framføra konsertførestillinga *Men Buicken står her fremdeles*.

Dei andre poetane som kjem på festivalen er Ted Granlund, Anna Kleiva, Guri Sørungård Botheim, Torgeir Schjerven, Hildegunn Dale, Eli Fossdal Vaage, Catherine Blaavinge Bjernevåg, Dan Aleksander Andersen, Kjersti Bronken Senderud, Anne Helene Guddal, Inger Elisabeth Hansen, Athena Farokhxad, Gyrdir Eliasson, Pia Tafdrup, Hanne Bramness, Paal-Helge Haugen og Ashur Etwebi.

## Samtidslyrikk og Hauge i mange vinklar

Programmet startar allereie fredag morgon med fleire arrangement på skular og offentlege stader på Voss og i Hardanger. Frå lunsjtider kan du delta på seminar om poetisk tenking i samtidslyrikken der Tom Egil Hverven, Hadle Oftedal Andersen, Anne Helene Guddal og Trude-Kristin Mjelde Aarvik skal snakka om forfatarane Einar Økland, Inger Elisabeth Hansen, Steinar Opstad og Øyvind Rimbereid.

På ettermiddagen lanserer Samlaget og Bodil Cappelen det nye utvalet av Hauge si dagbok med tittelen *Tanke og draum*. Cappelen sjølv har stått for utvalet. Festivalopninga er tradisjonen tru på Elvatun med lyrikk, musikk og opningstale av Fritt Ord-direktør og Hauge-biograf Knut Olav Åmås. Laurdag morgon, rett etter årsmøtet i Venelaget, skal Aasta Marie Bjorvand Bjarkøy samtala om si nye bok «Eit dikt vert aldri ferdig» med Hadle Oftedal Andersen. Boka handlar om korleis Hauge endra dikta sine undervegs.

Du kan kjøpa billetter på Poesifestivalen.no eller ved å besøka eller kontakta Olav H. Hauge-senteret. Me har tilbod på festivalpakke i samarbeid med Brakanes hotell fram til 1. mai.

Per Magnus Finnanger Sandsmark

Willy Dahl:

## OM Å UNDERVISA I HAUGE

Det er eit aksiom i pedagogikken at ein må vita kva lærlingane kan, kor dei står, før ein freistar å læra frå seg noko.

Eg var norsklærer i realskule og gymnas i Bergen i fem år, 1958-1963, og på universitet i Oslo, Trondheim og Bergen i tjuesju år, 1965-1992, med dikt av Olav H. Hauge i tilbodet alle desse åra, med vekslande hell, alt etter kva føresetnader elevane og studentane hadde. I tillegg hadde eg Hauge oppe på ei mengd med seminar og studiesirklar, men der var oppgåva ei anna: Deltakarane var motiverte på førehand, og kunne ofte like mykje som læraren.

Realskule-årskulla var dei vanskelegaste. Sjølv sagt var det også der nokre som var opne for lyrikk, for nynorsk og til og med for Hauge; men dei var få. Hugs at dette var *Bergen*; der var motvilje mot nynorsk første bøygen. Dikt var heller ikkje lokkande; dei fleste dikta i lesebok og pensum var keisame. Ikkje var det hjelp å få i biografien heller; at ein gamling ein stad i Hardanger skreiv dikt i verdsklasse, var ikkje interessant.

Hugs no kva år dette var – og kva ”Hauge” var då: Tredje diktsamlinga hans kom ut i 1956, den fjerde i 1961. Tenk om eg den gongen hadde hatt eit dikt som ”Skuleplassen” i *Dropar i austavind* (1966) å tilby dei, det som byrjar slik:

Når klokka ringjer  
for fyrste timen,  
ligg skuleplassen att  
– eit konkret dikt.

Alt her hadde det vore mogleg å stoppa opp: Kva meiner han med *konkret* – og korleis kan eit *dikt* vera konkret? Jamen, les vidare då! Sjå kva det er han ser i snøen på denne tomme skuleplassen: ”Rundt veggene far (*opplysning til bergensarar*: ”far tyder spor det!)/ etter einstøingar, (*kva kan ein einstøing vera? Les vidare, då:*) / der stod han og ho.” (*Aha: to som vil vera for seg sjølve. Spørsmål frå klassen: Går det an å vera tostøingar?*)

No er klassen med. Dei skjønar kva ei ”spræne” er i samanhengen ”ei spræne av snøballar” mot ein vegg, dei flirar av ”ei knust rute på do”, og dei lærer ordet ”svivyrdsleg” her: ”yver døri til styraren / eit svivyrdsleg kast.” Dette har dei vore med på:

Bokstavar i snøen:  
Solveig + Knut,  
Åse + – – han rakk  
å strjuka det ut.

Varsamt kunne eg då ha drege diskusjonen attende til utgangspunktet: *eit konkret dikt*. Diktaren tyder *teikn* i snøen på skuleplassen og set det han ser, om i ord. Slik kan også utsjånaden på eit dikt vera teikn som skal tydst. Vidare så, kanskje, til linjebrot i frie vers: Kvifor er det pause nett *der*?

Sjølv sagt måtte eg ha hatt andre døme, mange døme; eg kunne ha henta inn tekstar av Jan Erik Vold, og så kome attende til Hauge når det galdt frie vers. Ja, eg ikkje berre kunne, eg måtte ha gjort det slik – men som lærar i realskolen hadde eg ikkje dette diktet om eller frå skuleplassen, med den velsigna atkjenningseffekten eg kunne ha starta med.

Atkjenning, ja. For no å seia det rett ut: det er ikkje mykje i dei tre første diktsamlingane til Hauge som talar direkte til fjorten-femten-åringar. Der er det mest vaksen manns tale, om vonbrot og draum, om det å ikkje strekkja til, om vanmaktskjensle og

resignasjon. Du når ikkje inn med slike dikt i klasserommet. Kanskje til ei eller ein, men du skulle jo helst ha dei fleste med.

Så kom då heldigvis Hauge med *På ørnetuva* i 1961. Det er ei bok med meir mangfald i motiv og tematikk enn dei tre førre, og der stod det eit dikt om noko som elevane hadde opplevd året før – det at Knut ”Kupperrn” Johannesen tok olympisk gullmedalje på 10.000 m skeiser:

#### Kupperrn skrid i Squaw Valley

Eg har òg teke premi på skeisor, eg vart nummer fire i eit skulerenn då eg var åtte, etter han Leiv.  
Mei dei hine hadde stålsette skeisor, og eg berre jarn.  
Eg hadde kjøpt mine hjå urmakaren, eg tok dei som hadde største snablane.

Men no skrid Kupperrn i Squaw Valley!  
Eg har ikkje tenkt å gå nokon 10 000 m, men ordi fær ein djervare sving, og ho mor grip fastare um staven.

Eg hugsar ein spesiell time: Etter mi stutte innleiing om skeisetypar gjennom tidene kom attkjenninga: Det å orsaka seg med skralare utstyr. Dei såg sjølvvironien! Og så vida det seg ut: Gutungen som samanlikna egne prestasjoner med ein olympisk gullmedalje. Stemninga i heimen når ein nordmann gjorde ein internasjonal bragd: Diktaren som får ein djervare sving på orda, og ho gamlemor som grip fastare om staven. Det utvikla seg til eit interessant ordskifte: Kvifor er det slik, kvifor kjenner vi det som ei personleg ære for gullmedaljen – berre fordi vi har det sams med Kupperrn at vi er norske? Og: godtek diktaren dette, eller er han ironisk?

Læraren sat berre og lydde, og vakta seg vel for å ha nokon fasit.

Alt var lettare i gymnasklassane. Elevane var eldre, meir motiverte, og mognare: Hadde meir å kjenna att, altså. Som i ”Møte” frå *Seint rodnar skog i juvet* (1956), der ho og han møtest og er uvisse om dei skal helsa (*nå, det har altså vore eitkvart mellom dei!*) Dei går vidare, ”nokre steg jamsides”, og så gjennomgangsbiletet: Orda deira vert likna med to søkke som fell frå ”kvar si båtripe / med open sjø i millom”. Perspektivet vert hans: ”Fyrst etterpå merka han (*”mannfolk er ofte trege”, var ein jentereplikk*) at orda ”hadde fløkt seg saman / i djupet ein stad (*slik som søkke og line frå to båtar*) / der straumane saug / yver løynske tangskogar / og bråe stup.” (*Åja, dei tok biletet!*)

Så var ho ”snøgg til å kutta”. (*Jente igjen: ”Ja, det kan vera best, det.”*) Og han sat att:

Men han hadde då taumstubben og ongulen hennar, um han ikkje skyna eit bergingstog frå eit menneske.

Den slutten vart det diskusjon av: Hadde ho vilja berga han – eller det som hadde vore mellom dei – og angra seg i siste liten? Var det ”berre” som eit menneske ho ville berga han, og ikkje med heile seg?

Læraren hadde ingen fasit.

Men han merkte seg at på dette aldersteget var det lett å få dei med på den tanken at litteraturen er ein heilskap på den måten at tekstar med ulike opphav kan visa til kvarandre,

ikkje berre med sitat, men også med allusjonar, meir eller mindre løynde. Vi las ”Svarte krossar” frå *Glør i oska* (1946):

Svarte krossar  
i kvite snjo  
luter i regnet gruve.

Hit kom dei døde  
yver klungermo  
med krossar på herd  
og sette dei frå seg  
og gjekk til ro  
under si klaka tuve.

Her var det naudsynt å bruka ordboka først; bergensarane kjende ikkje ord som ”gruve” (*nedoverbøyd, lut*) og ”klaka” (*frosen på overflata*). Deretter kom attkjenninga av synsbiletet: I gamle kyrkjegardar på Vestlandet kunne vi enno sjå rader av svarte jarnkrossar – fleire enn marmor-steinane.

Merkeleg nok var det ingen som reagerte på ”klungermo”. I og for seg er det jo lett å skjønna, samansett som det er av ”klunger” og ”mo”. Men på eit anna plan er det sjølve nykelordet i diktet.

I folkevisa ”Draumkvedet”, som det stod utdrag frå i leseverket vi brukte, høyrer vi om Olav Åsteson, som (drøymde at han) var i dødsriket frå julekvelden til trettandedagen:

Fysste eg var i uteksti,  
eg fór ivi tynnyr-mog:  
sund'e gjekk mi skarlakskåpe  
og neglan' av kvør min fot.  
For månen skin'e  
og vegjine falle så vide.

Så var eg meg i uteksti  
igjenom den tynnyr-ring;  
sund'e gjekk mi skarlakskåpe  
og neglan' av kvør min fing.  
For månen skin'e osv.

Det vanskelege ordet ”uteksti” var forklara i merknadene: ”om sjela som fer ut or lekamen”.

Olav Åsteson drøymde seg på veg til dommedag, og fekk sjå den siste striden mellom mørkemaktene og Jesus. Dette er det som kling bakom Hauges ”klungermo”. Dei døde på den vestlandske kyrkjegarden har strevd seg gjennom eit liv som har rispa dei opp; men dei har ikkje hatt noka skarlakskåpe, som stormannen Olav Åsteson, dei har berre vore stillferdige slitarar som har gått til ro under den krossen som dei har bore på aksla – og dette er endå ein allusjon: til Jesus som bar sin kross på veg til Golgata.

*Bibelen* er den allusjonskjelda Hauge auser mest av. I dei første samlingane er det openbert at det er eit truande menneske som skriv, men han er nesten aldri direkte forkynnande; det er bilete og metaforar han hentar frå bibeltekstane. I dei to første strofene i ”Altid ventar eg å finna” i *Glør i oska* er det eit ”eg” som ventar ”å finna” noko som gjev livet verd” og er ”verdt å finna”; han vil verta ”løyst frå tvils forbanning” og audmjuk bøyya ”kne / for ei evig livsens sanning”. Men i sluttstrofa er det ikkje ”eg” som talar:

Sæl er den som sterkt er dregen  
og ser Herrens finger skriv.  
Orm vert stav, og logeslegen  
busk vert grøn att. Leit deg vegen  
fyrr den stutte dagen sviv!

Her er det tre allusjonar til 2. Mosebok. Kapittel 31 endar med at Moses får to steintavler med Lova – ”skrivne med Guds finger”. I 4. kapittel skapar Herren staven til Moses om først til ein orm, og så til stav att, og i 3. kapittel openberrar Herren seg for Moses i ein brennande tornebusk – som ikkje brenn opp. Slik overtalar Herren den tvilande Moses ved å syna han mirakel. Det kan diskuteras om dette diktet er ei personleg trusvedkjenning; der stod to tolkingar krast mot kvarandre i den klassen eg brukte diktet. Men alle var samde om at diktaren er kravstor når det gjeld bibelkunnskap.

I heile skuleår hadde eg berre reallinje-klassar desse åra. Men ein gong var eg heldig nok til å måtte ta nokre vikartimar i ein engelsklinje-klasse. Heldig, fordi det høvde seg slik at dei nett hadde lest Shakespeare – *Hamlet*. Så dei kjende monologen med desse orda:

To be, or not to be, - that is the question:  
Whether 'tis nobler in the ind to suffer  
The slings and arrows of outrageous fortune,  
Or to take arms against a sea of troubles.  
And by opposing end them?

Eg tok ein liten omveg om Ivar Aasens gjendikting før eg introduserte Hauge (elevar har godt av å få meir age for den sjølv lærde Ivar):

Te vera elder ei, - d'er da her spyrst um,  
um d'er meir heirlegt i sitt Brjost aa tola  
kvar Styng og Støyt av ein hardsøkjen Lagnad  
eld taka Vaapn imot eit Hav med Harmar,  
staa mot og slaa dei veg?

Så var det tid for Huges ”Eg skjek snø av ungtre” i *Under bergfallet* (1951). Første strofa:

Kva skal ein gjera  
når det ber ned  
over ein:  
Stikka trassige spjot  
mot dei dansande,  
dalande skarar,  
eller skjota kryl  
og berre ta imot?

Framhaldet i diktet er at gartnaren i Ulvik er på veg i hagen for å skaka nysnøen av ungtrea – medan Hamlets monolog handlar om livsavgjeringe eksistensielle spørsmål. Verknaden er komisk: Store ord frå verdslitteraturen om trivielt kvardagsliv. Det er verdt å merka seg at denne sjølvvironiske teksten står i ei samling som opnar med ei rad resignerte, nesten klagande dikt av typen ”Eg stend her no” med denne førstestrofa:

Eg stend her no,  
ein broten mann.  
Og attum ligg  
mitt ungdoms land.

Etter fem år i skulen var det farvel med desse årsklassane for meg. Men røynsleane frå denne tida vart grunnlaget for ein liten antologi, *Etterkrigsdikt*, som eg gav ut i 1966. Dei dikta av Hauge som er med der, er ”Svarte krossar” frå *Glør i oska*, ”Elvi burtaunum fjorden” og ”Møte” frå *Seint rødnar skog i djuvet* (1956), og ”Var det ikkje du”, ”Kuppem skrid i Squaw Valley” og ”Kveld i november” frå *På Ørnetuva*.

Eg sende denne boka til Hauge. Fekk takk, men seinare sa han aldri noko om ho til meg. Kvifor skjøna eg då eg las dagboka hans. 11. september 1966 hadde han skrive om ho (b. 3, s. 31), og det var ikkje godord: ”Stend det so ille til med norsk lyrikk? Som dette utvalet syner?” Særleg tykte han det var ille at eg hadde teke med nokre dikt som eg syntest var halvgode og dårlege (utan å peika dei ut): ”Nei, det *må* vera noko gale her. [...] Dårlege og halvgode kan ein finna i dagspressa, der er døme nok. Det har eg heller aldri set i ein antologi, so langt mi røynsle gjeng. At slike dikt kan koma med av vanvare, er ei onnor sak, av skort på dømekraft.”

Han hadde nok ikkje lese føreordet nøye nok. For der står det at utvalet ikkje er meint å vera representativt for norsk lyrikk; det er styrt av pedagogiske omsyn. Dei få dårlege dikta er inkludert med hensikt: ”Det er viktigst for lesaren å finne de gode, men det gir god øvelse å skille ut de dårlege. Lyrikk, tradisjonell som modernistisk, gammel som moderne, skal vi møte med åpent sinn – men også med kritikk.”

Eg tykkjer den dag i dag at dette er god pedagogikk: Få folk til å klargjera for seg sjølv *kvifor* dei liker eller misliker den og den teksten!

Dét var ikkje så naudsynt eit pedagogisk mål då eg kom over på universitetet. For studentane var motiverte på ein annan måte: Dei hadde alt valt dette faget, dei var konsentrerte om det, gjekk ikkje frå time til time med andre fag, slik som i gymnasen. (Og i parentes: Det var godt å sleppa unna bergensungdom som hadde høyrte av foreldra at ”vi hakkje bruk for å lere det der strilemålet”.)

Men det beste ved den nye undervisningssituasjonen var samarbeidet med kollegaane. Det er jo slik på dette nivået at norskfaget er delt i to – litteratur og språk. Brått var eg nesten for ein amatør å rekna i den eine halvta av faget. Då var det godt å samarbeida på grunnfaget med ein kapasitet som Bernt Fossestøl, grunnleggjaren av disiplinen *tekstlingvistikk* i Noreg, og høgt kvalifisert også på litteratursida. Han kunne t.d. nytta Hauge-tekstar som døme i målføretimane og samstundes gje tilskott til den litterære analysen. Faget var ein heilskap for han, og eg gjorde mitt beste for å følgja opp.

Som eit døme: bruken min av Huges ”Elvi burtaunum fjorden”:

Ho dett og dett  
i dag som i går,  
dett i berg  
der berre ørn  
fyk –  
dett i eino,  
dett tungt mot fjell  
utan ljod,  
utan song,  
strævar og dett –  
velt fram  
or giljar og gjøttor,  
bullar  
i kvitskjegget,  
stoggar  
og heng –  
dett  
i tidløyse,  
dett  
i tidløyse,  
dett  
i marebunden draum,  
fær ikkje ord fram,  
ikkje ljod ...

Både i gymnasklassen og i grunnfagsgruppa var det naudsynt med leksikalsk tyding av orda ”giljar og gjøttor”. I skulen var det greitt nok med ”kløfter og holer”. På grunnfaget var det eit problem med ”giljar”: Der leidde Aasen meg i *Norsk Ordbog* fram til ”Geil (Gjeil), f. (Fl. Geilar ”Geilar”); altså noko trøngt mellom to vegger = kløft. Så var det satsbiletet, då: avsatsar og framspring illustrerer vegen nedetter fjellsida, pedagogisk dømme på kva linjedelinga – med lesepausar – gjer for teksten.

I grunnfagsgruppa kunne eg også utan vidare peika på verba: Dei er alle saman intransitive, tek ikkje objekt (”velt fram” fungerer slik her) – inntil dei to siste linene, og der har objektet nekting – *ikkje* – framfor seg. Retorisk spørsmål: Korleis kan du bruka dette i tolkinga?

På dét punktet var det ope for å diskutera kva andre har sagt om diktet. Eg henta fram Jan Erik Volds artikkel ”Det går an å leve i hverdagen og” (ei av dei beste lesingane av Hauge, i *Samtiden* nr. 7/63 og i *Olav H- Hauge. Ei bok til 60-årsdagen 18. august 1968*), der han ikkje likar antropomorferinga (menneskeleggjeringa) i slutten av diktet: ”Elven har ingen mening, den bare er. [...] Jeg tror ren beskrivelse fungerer bedre enn (innebygget) tolkning av det beskrevne.”

Men då har Vold gløymt at *tittelen* på diktet er en del av det. Oppe på Hakestad synte Hauge meg eingong denne elva. Han peikte tvers over fjorden og sa: ”Der hev du elvi burtanom fjorden.” Ja, det var ei kvit vasstripe nedetter fjellsida, og rett nok, det var ingen lyd å høyra. Men no veit alle som har stått attmed ei slik elv at ho får nok lyd fram, nesten øyredøyyvande av og til – det er *avstanden* som gjer at du ikkje høyrer noko tvers over ein brei fjord. Og med menneskeleggjeringa i mente kan du då tolka diktet som eit dikt om nettopp avstand, i overført tyding – som gjer at bodskap ikkje finn ord, ikkje kjem fram.

Her må eg vedgå at dei fleste som var med på eit hovudfagsseminar om Hauge, ikkje godtok denne vrien. Dei var mest samde med Vold.

Sjølvsagt fungerte dikta som eg hadde brukt i skulen også på høgare nivå; der kunne eg også koma med meir utførlege tillegg – som t.d. når det galdt ”Svarte krossar”: Utgjevarar av Draumkvedet i nyare tid, frå Liestøl og Moe og til leseverk, tyder alle ”tynnyr-mog” som ”tornemo”; men i *Norske Folkeviser* frå 1853 (note s. 76) skriv M.B. Landstad at dette er ei mistyding. ”Visekvæderne” har ikkje forstått ordet. Rett tyding er det meir abstrakte ”Fortabelsens eller Forglemmelsens Bane”, meiner han. Studentane mine var samde: Det er tornar, og ikkje ”Fortabelse”, som riv sund Olav Åstesons skarlakskåpe.

I mi første tid som universitetslærer vart Hauge-utvalet stadig større, med nye samlingar: *Dropar i austavind* (1966), *Spør vinden* (1971) og tillegget ”Janglestrå” i andre utgåva av *Dikt i samling* (1980). Utan å kasta vrak på det gamle fornøya han seg i stoff, form og tematikk. Jan Erik Vold sette alt i 1963 nemninga ”tingsdikt” på ein spesiell type Hauge-dikt; i dei nye samlingane kom det fleire av det slaget. Eit er ”Sleggja” frå *Dropar i austavind*:

Eg er berre  
ei sleggje.  
Eg stend der no.  
Eg lyt berre til  
når det røyner på.

Her kan ein bruka lydverket i diktet som ein inngang: Dei monotone *e-* og *æ-*lydane, avslutta med det djupe *o* i tredje lina, skapar ei kjensle av stillstand; så kjem dei spisse *i-* og *o-*lydane og løyser ut rørsle – presis som sleggja på veg mot målet. Men meir interessant er det at ordet ”berre” har to heilt ulike tydingar i den tematiske samanhengen. Med åtte ords mellomrom!

Hauge var heimekjend i klassisk verslære; difor kunne han nyttast som studiemateriale i den disiplinen. Eit poeng var det då at sonettane hans trass i all likskap i forma er svært ulike

i tematikk; spekteret strekkjer seg frå djupt eksistensiell alvor over tidsaktuell kommentar til rein fleip. Eit stillferdig dikt som ”Kveld i november” frå *På ørnetuva* kan reint teknisk brukast som dømme på fenomenet *versbinding* (”enjambement”): I dei fleste linene krev setnings-heilskapen at rimorda ikkje får nokon pause – det er samanheng mellom alt han tenkjer på:

Han sperrar loftet. Notti kjem med frost.  
Eg fer med augo yver hagen, veit  
det heng att eple i ein topp. Eg leit  
på mildver enno. Veden skal i kost,

og kålen takas tupp og kulast, tre  
skal plantast, og det burde vorte tid  
til nybrot òg. No ser eg hausten lid  
og marki frys og snjoen kastar ned

midtlides, og eg veit eg rekk ikkje mitt.  
Den epleslumpen fær eg berga, kor  
som er, so er i minsto ei sut kvitt.

I vest er månesigden ute, stor  
og haustkvass, gjer med å berga sitt,  
ei saknads solbunde åt ei myrk jord.

(Spørsmål undervegs: Opphavleg skreiv Hauge ”eg rekk kje mitt”. Kva oppnår han med å setja inn ei staving som bryt det metriske mønstret?)

Heilt annleis er det med rimorda i ”Ein greider meir enn ein trur” i *Dropar i austavind*:

Ein maktar mangt i ofsemod og naud,  
når ein er lyft og utum kvardagsbalet.  
Som her ein haust eg vanta noko smale  
og alt eg leita ikkje fann ei klauv.

Det grugga til med snø, vart glatt å gå,  
og då eg stumra på dei, hadde talet,  
flaug dotten ut for fyrste lokkehjalet,  
og myrkret kjem i fjellet tidleg på.

No tenkte eg med meg, eg slepper ikkje!  
Og høgt og lågt og kringum som ei bikkje  
eg jaga dei til støls og inn ei dør.

So la eg meg. Og vakna glad og ør,  
eg visste sauene bak grind og gardar.  
Der låg tre gimbrar greidt og – fire harar.

I dette skjemtediktet *skal* rimorda markera pause – for å dryga ut spenninga i forteljinga: Korleis kjem dette til å enda, då?

Denne sonetten kunne vera med i eit litt spesielt utval Hauge-dikt, der eit høgdepunkt ville vera ”Gamal diktar prøver seg som modernist”, også frå *Dropar* - :

Han med fekk hug å prøva  
desse nye stultrone.  
Han har kome seg upp,  
og stig varsamt som ein stork.  
Underleg, so vidsynt han vart.  
Han kan endåtil telja sauene til grannen.

Det var rom for moromannen òg, i alt mangfaldet som Olav H. Hauge gav oss.

*Astrid Kløve-Graue i avisa Hordaland har sendt Venelaget ein litterær godbit, skrivnen av forfattaren James Greene, nevø av den verdsberømte Graham Greene. Bakgrunnen er det livstrugande fjelldramaet som James Greene opplevde mellom Osa og Hallingskeid i 1986.*

*Artikkelen er omsett av Olav H. Hauge, illustrert av biletkunstnaren Bodil Cappelen, og var publisert i Hordaland, august 1986.*

## Fjelldrama i Osafjella av James Greene

Clara reiste burt ei veke på eit målarkurs på Voss. Neste morgon kørde eg til Osa og tok fat på vegen til Hallingskeid i 9-tida, eg tenkte eg skulde nå turisthytta der fyrr kvelden kom.

Etter nokre timars gonge, miste eg stigen fleire gonger og fann han att. Då eg kom til Osaskavlén, hadde eg atter kome av han. Det kan vera at dei raude T-ane ikkje viste i snøen. Um eg ikkje såg dei, so meinte eg at eg visste um lag rette leidi etter kartet; men sprekke gjorde at det var ikkje so greidt å sjå kvar eg skulle gå, det var ikkje sagt snøen bar meg. Dette var det første verkeleg nifse som hende meg, endå eg var uroleg då eg miste stigen. No kunde eg ha gjenge attende og prøvt å finna stigen eg kom, med det sveiv meg ikkje.

Etter litt uro og tviking gav eg meg snøen i vald,- han verka trygg nok. Etter å ha gjenge ein stubbe, stod eg ringa inn av bredar og snø, utan nokon greid utveg: djupe sprekcor gjorde det vanskeleg og kanskje farleg å gå rett fram. Eg kjende meg fanga og skræmd. Eg trur det var no eg miste all peiling på retningi; kanskje tok eg til å gå rundt i ring, med eg leita vilt etter utveg.

Eg kan ikkje hugsa korleis eg kom ut or denne første sirkelen i helvete, men eg hugsar eg laut vassa ei rivande elv, som ved første syn såg umogeleg ut; seinare vart eg van med å vassa elvar, ein gong til knes.

No heldt eg fram i den leidi eg trudde var rett; men utan kompass (det kan eg forresten ikkje bruka) og utan dei raude merki var eg like vis. Der kan ha vore fleire fenner å kryssa; der var vatn, ikkje tre; eg var i ei villmark med berg og rullestein.

Eg kleiv upp på ein nut, kanskje ikring 1300-1600 m. høg. Då eg var uppe: eg var redd eg kunde brjota ein fot um eg gjekk lenger. Klokka var kvart yver elleve då eg stogga, på ei hylle på andre sida av toppen.

Den natti var eg viss på at eg kom til å døy, eg har aldri frose so, eg låg og skalv i rider heile natti. Eg prøvde skriva ein stubbe til Clara, so ho skulde vita et dette ikkje var sjølvmoder – at det var ein tåpeleg, meiningslaus måte å lata livet på.

Det vart ikkje mange ordi, for notisboki var våt – det regna – og kulepennen vilde ikkje. Det var vondt å tenkja på at eg ikkje skulde få sjå Clara og barnet saman (Clara skal ha barn).

Det sveiv meg det er no fælt òg at eg som er forfattar, skal liggja her og døy utan å ha noko å skriva med. Eg hadde ein tunn, syntetisk sovepose, skjorte og ei svart cardigantrøye, regnbukse og regntrøye, ei raud ullhuve, som eg drog ned yver andletet, og eit turkeplagg til skjurf. Eg har aldri kjent slik bitande vind. Um morgonen var fingrane kvite og rukkute.

Eg hadde hatt vond hovudverk um morgonen då eg la i veg; det har eg sjeldan, og eg undrast so smått um det var ei åtvaring at eg ikkje skulde dra. Seinare kom et til å hugsa at eg hadde hatt ein draum som var merkeleg tvo næter fyrr eg reiste. Eg hadde mist tvo koffertar med naudsynte klede og – minder viktig for meg – pass og billett.

Det var mest ikkje å tru at eg greidde meg den fyrste natti utan at hjarta brast og lungone svikta. På føtene var eg bra turr, men litt nåmen. Eg grov meg ut or soveposen i 4-tidi

og drakk siste skvetten på termosflaska, han var no kald; eg vilde driva på, kom eg yver fjellet fekk eg kanskje auga på ei jarnvegslinje som var avmerkt på kartet.

Då det ljøsna såg eg at eg hadde lege nokre meter yver ei snøfonn som eg laut kravla meg ned yver og kryssa skulde eg koma meg upp neste nuten. Det var eit stort vatn i botnen, det laut eg gå rundt. Frå toppen av nuten såg eg ingi jarnvegslinje, endå eg meinte å ha hørt tog um natti.

Eg kleiv upp på endå ein bratte nut, stundom kravla eg og tok tak med hendene: men ingi jarnvegslinje. Klokka var no rundt 8.

I staden for å halda fram, leidi var kanskje ikkje rett, det var so mange vatn og elvar, og eg var ikkje viss på um det var dei eg såg på kartet, sette eg meg fyre å finna attende til Osa.

Dei neste seks dagane kunde eg like godt vore på månen eller i ei øydemark. Eg såg berre eitt dyr – ei bilje og 4-5 fuglar. Tvo av dei skyrpte som griser og må ha vore ramnar. Ei natt høyrde eg ei bjølle, det kan ha vore ei buvill geit; men det var for kaldt il å stikka hovudet ut or soveposen.

Det var ikkje så lett å finna vegen eg hadde kome. Stundom fann eg ikkje ned av nuten eg hadde klive upp på: for bratt, stundom fann eg ikkje kvar eg hadde klive upp, eg laut gå rundt. So då eg såg snøfennene att, vilde eg gå på sida av dei.

Eg kom fram på ei høg og såg ein dal under meg, det såg ut som det var der eg kom fyrste dagen. Det var noko kjent ved han, med det var vanskeleg å sjå i skodda, og eg gledde meg til å finna dei raude merki att. Eg fann eitt eg trudde var eit slikt – det var visst berre ei raud skrape på ein stein, for eg fann ikkje fleire. Det var ikkje råd å koma ned i dalen for hengjeskavlar.

Eg laut atter gå rundt, og fann meg att ved eit vatn. Eg totte eg såg ein fiskar i ein båt. Eg var frelst! Det viste seg det var ein stein ute i vatnet eg ropa til.

Heile den dagen vart eg narra av slike mistak. Steinar vart hyttor eller krøterskur. Eg visste det skulde vera ei geitebudeie ein eller annan stad i fjellet her. Eg såg selet i ein. (Her vasa eg, eg visste ikkje retteleg kvar stølen låg.) Eg trudde ikkje eg kom til å greida ei natt til.

Ved 9-tidi var eg trøyt. Det regna, og eg prøvde å finna ly millom nokre steinar. Grunnen var hard og ujamn, so det var vondt å liggja. Soveposen var våt og vart tyngre som dagane gjekk, likevel vermdde han no litt mot den knivkvasse vinden. Det mest vedunderlege var å falla i svevn, men det var vanskeleg.

Eg hadde ikkje ete noko heile dagen, kanskje ei halv skive, men eg var ikkje svolten. Då eg vakna, kjende eg meg uvel. Dette varde i tvo dagar. No og då prøvde eg å kasta upp, men fekk ikkje upp noko. No hadde eg slettes ikkje hug på mat.

Den tredje dagen orka eg ikkje å gå so langt, eg var trøytt og sjuk. Eg meinte eg visste kvar eg var etter kartet og venta å finna geitestølen. Ein gong såg eg ein annan einsleg fjellvandrar koma imot meg og huja um hjelp.

Det var atter ei synkverving. Von skifte med triste vonbrot. Det var mykje skodde og regn. Kartet vart vått, eg fraus på hendene. Eg må ha sleppt det ned eller det fall ut or ei av dei rivne lummone mine. Det kom ut på eitt: då eg miste det, visste eg at eg ikkje visste kvar eg var. Det kom for meg at eg hadde gjenge i rak motsatt retning til den eg hadde prøvt å fylgja etter kartet, kanskje eg til og med var på veg attende til snøfennene.

Den dagen eller dagen etter sakna eg klokka.

Eg la merke til at eg miste so mange ting, men eg kom ikkje i hug draumen eg hadde hatt få næter tidlegare.

Eg laut yver ei elv: fjellskorne heldt framleis væta toleg godt ute.

Eg grov meg upp på ein annan nut. Frå høgdi måtte eg kunna sjå korleis lendet var. Eg såg ei elv rann ut i tvo vatn. Eg tenkte at fylgde eg elvi, vilde eg kanskje koma attende til Osa. Eg var for trøytt og sjuk til å bera ryggsekken upp. Eg sette han att på ein stein.

Då eg gjekk attende etter han, fann eg han ikkje. Det var liknande steinar milevidt ikring. Eg trur eg leita i timevis fyrr eg fann han. Dette kunde ha vorte slutt.

Det var nokre timar med bleikt solskin den ettermiddagen – dei fyrste og einaste dei 7 dagane, det var ein utruleg lette. Eg kjende meg roleg, mest lett um hjarta, fraus ikkje det minste.

So kom skodda.

Neste dag freista eg å nå elvi eg hadde sett. Det var ikkje lett. Atter laut eg yver snøfener og sprekkor. Eg gleid ofte, og stundom laut eg aka meg ned på rævi.

Då eg endeleg rokk fram, såg det ikkje ut til å vera den eg hadde sett frå nuten, ho var smalare. Eg fann ut at den elvi eg leita etter, måtte vera på andre sida av den høgdi eg no hadde framfor meg.

Det var no det tok til å verkja so illherveleg det magesåret eg hadde vore plaga med, og tablettane eg bruka for det, hadde eg ikkje teke med.

Eg kom ikkje yver høgdi fyrr neste dag, der kom eg til ein foss som eg freista kliva upp. Det viste seg å vera umogleg. Eg reiv nevane til blods på steinnybbone – for nokre dagar sidan hadde eg klive ned ein foss, det var òg vanskeleg. Eg stod fast, ikkje var det noko gagn i å snu. Kor det var eller ei, magesmertone var so harde at eg snautt vann røra meg, då var den bitande kulden betre.

Endå dette ikkje var den beste staden å slå seg til på, for høgt uppe, urdut og utsett, snøfener under meg, hadde eg ikkje noko val.

No fylgde den verste tidi av heile denne vitlause ferdi. Berre skodde og regn dei neste 48 timane. Grått heile tidi. Skorne lak. Soveposen var soppande blaut. Eg låg vondt, og laut snu på meg alt i eitt. Magesmertone var skræmelege. Larmen av fossen var fæl òg, larma urimeleg høgt sume tider, som eit prenteverk. Eg høyrde røyster rundt meg heile tidi, alltid i venleg røde, men eg kunde ikkje skilja ordi. Det var eit yvermenneskeleg stræv å koma seg ut or soveposen og fylla dei tvo termosflaskone eg hadde med vatn for dagen. Vatn var det eg mest hadde hug på i verdi – nett dette vatnet. Eg vann ikkje eta noko av maten eg hadde med – han baud meg imot, det eg ynskte meg var eple og plomor og kirsebær.

Eg orka ikkje lenger grava meg ut or soveposen når eg skulde miga, eg meig i broki; det vermde utruleg med same, men gjorde berre sitt til at eg vart våtare og sår og ufjelg.

Ei lukke var det at eg hadde hatt hard mage sidan første dagen – eg forstod ikkje korleis eg hadde kunna halde ut kulden. No fekk eg laust liv og kunde ikkje halda meg. Det gjekk i soveposen alt saman siste tidi eg låg der.

Eg kom hit til denne staden fredag (eg starta måndag). Clara skulde koma att til huset me hadde leigt, laurdag kveld. So eg visste at kunde eg halda ut til dess, var det mogeleg eg kunde verta berga, dersom dei fann meg.

Men verdi var myrk – evindeleg skodde og regn. Utan klokke, og utan å sjå sol som rann eller gladde, kom eg av dagtalet. Stundom fall eg vel i svevn, og vakna og trudde det var ny dag. Etter mi rekning gjekk det fleire dagar slik, og eg trudde at eit helikopter hadde leita etter meg utan å finna meg i skodda.

Magesåret verkte slik at eg ynskte å døy. Eg tenkte på å kasta meg i fossen, men færen var at eg berre kom til å brjota bein og framleis vera ved medvit.

Men so – det viste seg seinare at det var sundag kveld, i 6-tidi, sjølv trudde eg det var fredag i neste veke – høyrde eg stor larm yver meg. Det var eit helikopter.

Ein mann kleiv ut: han stuva sakene mine i ryggsekken, - sjølv vilde eg ha late dei liggja, for dei var so skitne, og eg stolpra upp stigen til maskina. Varmen der, både temperaturen og varmen menneskapet møtte meg med, var vedunderleg. Venteleg hadde skodda letta ut yver dagen.

Dei fann meg 10-12 km frå Osa, ikring 1300 m.y.h. bak Skipanuten, det ser ut at eg var på rett veg.

Dei køyrde meg til dokter, han gav meg eitkvart for magesåret, so heim til Bodil og Olav, der Clara dusja og bada meg. Ambulansen kom, eg la meg på ei bære, og vart køyrd til sjukehuset på Voss; der fekk eg intravenøs injeksjon dei fyrste 20 timane.

Eg vart verande på sjukehuset 5 døger. Eg hadde mange skråmer og sår og ikkje kjensle i føtene. Men etter eit par dagar sa dokteren, ein uutgrundeleg japanar som såg ut som han upartisk dømde um liv eller død, at dei vilde verta bra att. Eg hadde 2. grads frostskaade. Um ei veke tok eg til å kjenna dei att, føtene tok til å brenna, det skaut merkelege strålor av smerte gjennom dei, so eg fekk ikkje sova um natti. Storetærne var framleis frosne, og i lang tid etterpå kjendest det som dei ikkje var mine.

Sjukehuset var ein vedunderleg stad. Brått, frå å ha vore eit fortapt vrak, kunde eg no ringja, og ei syster kom med smørbrød, mjølk og yoghurt midt på natti.

Fysiologisk var eg i panikktilstand ei heil tid, hjarta og thyroidkjertelen arbeidde sterkt.

Eg ynskjer å takka Bodil Cappelen, Olav H. Hauge, lensmann Olav Førde, Ivar Osa, Jens og Ingrid Ljones, dei 12 i hjelpekorpsset som la ut kl 5 um morgonen den sundagen og leita etter meg, menneskapet på helikopteret, dokteren i Ulvik, mannen som køyrde meg frå dokteren heim til Olav Hauge, og dokterane og systrene på Voss for all hjelp dei gav meg etter bergingi. Eg vonar andre turistar må vera betre budde og betre utrusta og vitugare! Er dei ikkje det, kan dei ikkje falla i betre hender eller vera heldigare enn eg.

Til norsk ved Olav H. Hauge. August 1986.

## **Bjørn Finne: Intervju med Stein Arnold Hevrøy**

– dokumentasjonsansvarleg på Olav H. Hauge-senteret

På Haugesenteret finn vi Stein Arnold Hevrøy på eit kontor med ei relativt smal bokhylle, men med eit sett svært interessante bøker for folk med interesse for lyrikk. Desse tek han stadig fram og blar i når han treng å finna ut av noko. I stolen har han ei litt særigen bakoverlent stilling, med eine foten lagt over den andre. Det ser ut som han trivst godt. Hevrøy har ei mastergrad i filosofi frå UiB, der han studerte i fem år, frå 2002 til 2007. I studiet kom han naturleg nok i berøring med eit mangfald av kulturfaglege tema, mellom anna samhovet mellom litteratur og filosofi. I åra etter studiet forelas han nokre semester på ex. phil. for medisins- og odontologistudentar, før han tok til å arbeida med krigsminne hjå byantikvaren i Bergen. Her fekk han mellom anna innblikk i kva britiske spionflygarar hadde interesse for i området rundt Bergen. Hevrøy har også vore bidragsytar på ei rekke internasjonale konferansar, sist på Deleuze Studies International Conference i Stockholm sommaren 2015. Han er framleis aktiv i forskingsgruppa ”Subjektivisering og senmoderitet” ved Universitetet i Bergen (UiB).

Hevrøy fortel og om forskjellige sider ved studiet av Nietzsches filosofi, og understrekar viktigheita av det poetiske språket denne filosofen nyttar.

- Hjà Nietzsche er det vanskeleg å skilja mellom litteratur og filosofi. For Nietzsche meiner at tenkinga må vera mest mogleg på linje med livet: ein lyt difor nytta eit språk som tek inn over seg den karakter av forandring som livet er prega av, og då må ein til metaforane og dei poetiske bileta.



Vi kan lura på kva arbeidsdagen til ein dokumentasjonsansvarleg går ut på? Hevrøy svarar at arbeidet er mangesidig. Så må han gå ein runde med seg sjølv før han fortset.

- Det er ikkje heilt likefram å forklara. Lat meg ta nokre eksempel: Det er hundrevis av avisutklipp i gjenstands-magasinet som skal registrerast (eg er berre komen til rundt 450 av dei.) Me er medarrangør på eit lyrikkseminar 9.-10. november som no tek mykje av tida mi. Ein skal vidare bidra til den generelle drifta, med omvisingar i utstillinga eller selja bøker. Det som for meg er det mest spanande, er ansvaret eg har for den unike boksamlinga etter Olav H. Hauge. Nett no ventar eg vitjing frå ein phd.-stipendiat i litteraturvitskap frå UiB som forskar på lyrikaren Tor Ulven. Ho skal studera nokre av bøkene i boksamlinga. Dessutan er me sjølvsgagt i gang med planlegginga av neste års poesifestival, som skal føregå 9.-11. september”.
- Kvifor søkte du deg til denne stillinga?
- Kvifor søkte eg meg til denne stillinga? Ja, fordi eg alltid har vore ein lesar og beundrar av Hauge sine dikt. Etter snart eit år i stillinga kjenner eg at det var heilt rett, for Olav H. Hauge sitt univers har vorte enda rikare for meg gjennom arbeidet mitt på Olav H. Hauge-senteret. For å seia det med Kjartan Hatløy: Olav H. Hauge er ein tenkjar i dikt!

Kanskje det kunne høva å snakka litt meir om lyrikk, sidan me er her på Olav H. Hauge-senteret? Det kunne vera interessant å høyre litt om kva tankar du gjer deg om dette mangslungne emnet. Kva er eigentleg lyrikk?

- Lyrikk er ein litterær genre, til forskjell frå poesi som ofte vert sett på som ein kvalitet ved forskjellige litterære genrar. Det poetiske er knytt til skapnad og overskot. Som eksempel kan ein roman godt vera poetisk om den har eit gnistrande og biletrikt språk, men det gjer den ikkje til lyrikk. Ein vanleg definisjon av lyrikk som mange truleg har lært på skulen, er at lyrikk er tekst som kan verta fylgt av lyrespel. Det vil seia at det er ein tekst som har musikalske kvalitetar. Erlend Nødtvedt er eit eksempel på ein klart ”songleg” samtidslyrikkar, med stor rytme- og klangrikdom. Den lyrikkjangeren folk nok nyttar oftest kjem dessutan gjennom musikk, altså songlyrikk. Utan omsyn til om du føretrekker Bob Dylan eller Rihanna, høyrer dei fleste på songlyrikk dagleg, vil eg tru. Skiljet mellom poesi og lyrikk kan likevel kompliserast langt meir, så dette er berre ei skisse.

Hevrøy svarar utførlig på korte spørsmål. Det er ikkje naudsynt å spora han vidare. Han viser solid breidde og kan konkretisera det ned i det enkle. Eg tenkjer at kanskje kan eg prøva å lyfta vanskegrada på spørsmåla litt.

- Kanskje du kan seia noko om tilhøvet mellom dei tre bestanddelane på senteret; boksamlinga, diktsamlingane og dagbøkene?

Hevrøy svarar med ei presisering, og seier det vil vera rettare å bruke nemninga ”hovudkjelder til kunnskap om Hauge sitt liv og hans verk.” – Og endå ei presisering: ”tekstlege hovudkjelder”. Så hentar han seg inn att og seier vi, etter presiseringane, kan gå tilbake til spørsmålet.

- Eit eksempel: Då eg las ”Kom ikkje med heile sanningi” tenkte eg med ein gong på før-sokratikaren Heraklit. For eit av fragmenta til Heraklit seier noko slikt som: ”Orakelet i Delfi utseier ikkje, og skjuler ikkje, men gjev eit hint, eit teikn”. Ser du i dagbøkene til Hauge om han har lese Heraklit, finn du han nemnt i rikt monn, og

kikkar du i boksamlinga, finn du at den vesle Heraklit-boka til Hauge er blant dei mest velbrukte. Altså peikar alle tre kjeldene i same retning og det er klart at dette styrkar inntrykket av at Hauge har nytta Heraklits fragment som ressurs for eiga diktning.

- Dette var interessante tankar. Lat oss ta eit steg vidare. Hauge har ein biletrikdom i dikta sine som er imponerende, og dei vert knytte til ulike tema. Er dette noko du har tankar om som du vil dela med oss?
- ”Absolutt”, svarar Hevrøy før han liksom tek litt sats og fortset. ”Eg synest Hauge klemmer skikkeleg til i opningsdiktet i debutboka *Glør i oska*: ”Eg er berre ein gneiste av den store eld”. Dette bilete kan ein tolke som den eksistensielle *avstanden* enkeltindividet er i. Altså er ein ikkje lenger ein del av den store flyten, eller elden, men meir som ein flagrande gneiste som gruar seg til å slokna. Her klarar diktaren å uttrykka svært mykje om den menneskelege situasjon med berre nokre få ord. Det er dette gode diktalarar meistarar, og her trur eg tradisjonelle teoretikarar har mykje å læra. Eit anna eksempel på eit interessant tema hjå Hauge er det metapoetiske, altså diktning om diktning. Går me attende til ”Kom ikkje med heile sanningi”, ser me nemleg at diktaren tyrstar etter lyriske dropar når han bed om ”eit glimt, ei dogg, eit fjom”. Diktet seier med andre ord noko om kva diktning bør vera.

Så ser eg at klokka lakkar og lir, og det har mørkna ute. Kanskje det er tid for å runda av samtalen med Hevrøy. Eg stiller han eit siste spørsmål, der eg gjerne vil vita om han kan peika på eitt favorittidikt?

- Det er ikkje så lett å velja berre eitt. Hauge har så mange gode dikt. Men eg trur eitt alternativ kan vera ”Attum einsemds berg” frå *Under bergfallet*. Første strofe er genial som kritikk av ein naiv individualisme.

Me let det vera siste ord i denne samanhengen frå Hevrøy og takkar for at han sette av tid til intervjuet. Den omtalte strofa let vi tala for seg sjølv.

Ho er søt, einsemd,  
so lenge vegen attende  
til dei hine  
er open  
for du skin ikkje  
for deg sjølv.

Elisabet Vallevik Engelstad:

## Meistermøte i Marseille.

«René Char død».



Fotograf: Agnès Gypsy Delaty

Denne lakoniske utsegna fester Olav H. Hauge til papiret i dagboka si den 26. februar 1988. Rundt om i dagbøkene hans finn vi over eit halvt hundre referansar til René Char - både personlege kommentarar og vurderingar. Fyrste gongen Hauge nemner Char er den 30. januar 1965, siste gongen er 30. september 1990, ein periode på 25 år. Den 30. juni 1965 skriv Hauge til dømes: «Det komiske er humorens misfoster. Frøding og Ferlin har humor, Holberg har komikk. René Char kan likevel ha rett: «Ne te confie qu'à ton sérieux.» (Lit berre på ditt alvor). 6. januar 1967 har Hauge lese eit lite dikt Char har skrivne til dotter si: «Det er uvanleg fint! (...) Det er nok til å gjera meg glad heile dagen!»

Serleg gjev Hauge att mange av Chars aforismer, som denne: «L'homme se tua, liberté en main.» (1965, II, s. 671) (Mannen (mennesket) tok livet sitt, med fridomen i handa). Eller denne, frå 3. juledag 1983: «Sant, sant. «Nous n'avons qu'une ressource avec la Mort; faire de l'art avant elle,» segjer René Char.» (V, s. 143) (Vi har berre ei rådgjerd mot døden; laga kunst før han kjem.)

Ut frå dagbøkene skjønner vi at René Char er ein fransk diktar og aforistiskar som Olav H. Hauge sette svært høgt. Vi får òg vita at Char var mellom dei som Hauge gjendikta til norsk.

Olav H. Hauge er ein av dei store, norske gjendiktarane av utanlandsk lyrikk, serleg frå engelsk og tysk. Men han omsette òg frå fransk – Mallarmé, Verlaine, Rimbaud, Ponge, Michaux – og René Char. Dei tre siste var Hauges samtidige. I *Dikt i umsetjing* finn vi fire dikt av Char: Biblioteket brenn/ Biblioteket i brand (*La bibliothèque est en feu*), Gjev dei att/ Gjev dei attende (*Redonnez-leur*), Hjelparar (*Auxiliaires*) og Tårnsvala (*Le martinet*). *Biblioteket brenn* strekkjer seg over heile sju sider. Alle dei fire dikta kom for fyrste gong med i antologien frå 1982 og står i alle seinare utgåver.

Den 10. oktober 2015 møttest desse to diktarane gjennom ord og tonar. Midt i den sydfranske byen Marseille, i ein «Concert à domicile» – huskonsert – vart det lese og sunge dikt av den franske og den norske poeten. Arrangørar var den marokkansk-fransk-jødiske trubaduren Jean David – serlig kjend for si tolking av Salomos høgsong – og Francois Monnet, som i si bok *Nord profond* har omsett Hauge til fransk. Jean David har tonesett fleire av dikta til Hauge, og framføringa slutta med at publikum, saman med David og Monnet, fleire gonger song *C'est le rêve* (*Det er den draumen*).

Hauge kjende altså godt til Char og hans verk. Char visste òg om sin norske diktarbror på grunn av Hauges omsetjing av dikta hans.

Kven er så René Char? Kva liv levde han? Kan det vera ei eller anna form for samanheng eller samklang mellom han og Olav H. Hauge, som kunne tenkjast å motivera dette møtet?



Foto: Agnès Gypsy Delaty

I dei fyrste linene om René Char på fransk Wikipedia heiter det: «Fransk diktar og motstandsmann fødd 14. juni 1907 i L'Isle-sur-la-Sorgue og død i Paris 19. februar 1988.» Dei var altså samtidige, desse to – Char eitt år eldre enn Hauge, død seks år før han. Dei er begge haldne for å vera mellom dei aller fremste lyrikarane i sine heimland i førre hundreåret. I føreordet til den tyske utgåva av dikta til Char seier Albert Camus at han held René Char for å vera «den største nolevande poeten» i Frankrike. (*Dichtungen*, Fischer Verlag)

I *Verdenslitteratur. Den vestlige tradisjonen*. (Universitetsforlaget, 2007) blir eit tjuetals europeiske og amerikanske lyrikarar frå «1950 til i dag» omskrivne. Frå Noreg har berre eitt namn funne plass – Olav H. Hauge. Frå Frankrike finn vi to namn – Francis Ponge (1899-1988) og René Char. I Lagarde & Michard si franske litteraturhistorie frå det tjuande århundret som kom ut i 1962 er Char teken med, Francis Ponge ikkje nemnd. Men i *Verdenslitteratur* skriv Tone Selboe at «i dag er Ponges posisjon i moderne europeisk poesi, og i tenkingen omkring poesi, uomtvistelig. - Det var imidlertid en annen lyriker, René Char, som betød mest for de yngre, franske dikterne rett etter krigen.» I vår samanheng er det eit lite ekstra poeng at den norske og dei to franske diktarane står omtala ved side om side.

I Hauges *Dikt i umsetjing* finn vi eitt dikt av Francis Ponge – Fyrstikka (*L'allumette*). Diktet var med alt i *Utanlandske dikt* som kom i 1967. Men det var fyrst tidleg på 1980-talet at Hauge tok til å omsetja Char. Dette kjem fram av dagboka - sjølv om han, som han seier, lenge hadde hatt kjennskap til den franske dikteren. «Serleg har eg lika aforismene hans», skriv Hauge den 10. juli 1981. Dikta har han ikkje våga seg i kast med – «dei er vanskelege å få til på norsk. - Forresten kan eg for lite til å få tak på ein so vanskeleg diktar». Likevel – same dag: «Sett um tvo dikt av René Char.»

Vel ein månad seinare, den 15. august 1981 (IV, s.661), skriv Hauge at han dagen før, etter oppmoding, hadde sendt avgarde åtte dikt til det franske nummeret av tidsskriftet *Basar* - nr. 4, 1981 – fire dikt av Michaux og fire av Char – «dikt eg nett har sett um. I grunnen vågsamt, for eg var tenkt å visa dei til Atle Kittang fyrr eg prenta dei.»

I 1982 kjem så Hauges *Dikt i umsetjing*, med føreord av Atle Kittang - Hauges fyrste samla, og sterkt utvida, antologi med gjendiktingar sidan *Utanlandske Dikt* i 1967. Dei fire omsette dikta av René Char er med. Denne gongen får Kittang ha eit ord med i laget, og Hauge svarar han slik: «Eg ser eg har gjort tabbar som eg ikkje bør gjera. Der var no reine slurvfeil òg, som linor som var fallne ut og meir slikt. Eg lyt tilstå at eg var i tvil um meiningi sume stader hjå Char, då vert det gjerne skral norsk òg.» (Sjå Åmås (Samlaget 2004, ss. 516 og 674) Den 7. januar 1984 skriv Hauge at han hadde sendt *Dikt i umsetjing* til Char - «solais

som Terje Johansen (sic) hadde lova». «Eg veit han bur i nærleiken av Avignon, i ein landsby som heiter L'Isle sur la Sorgue, so eg vonar boki kjem fram.» (V, s. 145) I ein samtale med lyrikaren Terje Johansen (1942-2005) året før hadde Char spurt om å få tilsendt eit eksemplar av boka: «Han ba meg overbringe en hjertelig hilsen, og ville gjerne ha tilsendt et eksemplar av din antologi.» (Sjå Amås s. 674)

Og boka kom fram. Berre vel ei veke seinare kjem takkebrevet: «Merci, Monsieur Olav H. Hauge, pour votre anthologie de la poésie, à laquelle je suis sensible.» (Sjå Amås, s. 674) Hauge noterer: «Eit lite brev frå René Char. Han takkar for *Dikt i umsetjing*, som eg sende han for ei veke sidan. Eg visste ikkje tilskrifti hans, men sende boki til L'Isle sur la Sorgue, og det har vore nok; eg veit han bur der.» (16.1.1984, V, s.149)

Ja, der budde han, dikteren René Char. I alle fall på denne tida. Og på same måten som posten fann vegen til Hauge berre med adresse Ulvik, viste det seg å vera nok berre å nemna heimstaden for at breva skulle finna fram til Char òg.

L'Isle-sur-la-Sorgue er ein vakker by i departementet Vaucluse i det sørlege Frankrike, 20 km nord for pavebyen Avignon. Byen ligg ved, eller snarare på, elva Sorgue, som der deler seg i fleire greiner eller kanalar, slik at byen blir liggjande som på øyar i elva. På den tida Hauge sende det omtala brevet var folketalet der om lag 13 000, no er det i underkant av 20 000. Byen er i dag kjend i heile Europa som eit av dei store sentra for omsetjing av antikvitetar og bruktgjenstandar.

Olav H. Hauge var av bonde-ætt, faren arbeidde forresten òg som smed. I slekta til Char var dei handtverkarar – gipsmakarar, møllarar, murarar -. Far hans vart formann for gipsmakarane i Vaucluse, og borgarmeister i heimbyen. Då René kom til verda som yngst i ein syskinflokk på fire, var L'Isle-sur-la-Sorgue ein liten by med 6500 innbyggjarar. Guten vaks opp på den store familieeigedomen Névens som nett sto ferdig då han kom til. Han var sterkt knytt til far sin – ein mann med sympatiar til venstre i politikken –, men vart avvist av mor si, strengt praktiserande katolikk med eit helt anna politisk syn enn mannen sin. Foreldra til René Char synleggjer på denne måten innanfor eit ekteskap motsetnadene som låg innebygde i det franske folk og samfunn.

Men faren døyr av lungekreft når sonen berre er ti år gamal. «Je n'ai pleuré en vérité qu'une seule fois» (Eg har i røynda berre græte ein gong), skriv Char seinare. Den økonomiske situasjonen i heimen blir vanskeleg. Guten byrjar på gymnas i Avignon, men sluttar etter fem år, før han får teke eksamen artium. Ein lærar hadde kritisert eit dikt han hadde skrivne - det var nok. For det var diktar han ville bli. Løna arbeid var ikkje noko for han, fortel han mor si, som tryglar han om å tenkja på framtida si -.

Det er ting her som kan minna om den tidlege livssoga til Olav H. Hauge. I utsjånad kan dei to heller ikkje ha vore så heilt ulike – begge mørkdæmde, høgvakne og godt bygde – René Char var 1,92 høg, Olav H. Hauge låg ikkje så langt etter.

Men René Char høyrer ikkje på mor si. Så snart han kan, det vil seia i 1929, 22 år gamal, når han får hand om arven etter faren og har publisert sine fyrste dikt, reiser René Char til Paris. Han sluttar seg til den surrealistiske rørsle – og til surrealismens «yppersteprest» André Breton og krinsen rundt han – poetar som som Paul Eluard, Louis Aragon og Tristan Tzara. Han vier livet sitt fullt og heilt til surrealismen – og til poesien. Til og med ekteskap blir i hans augo no eit svik – då ville dei blitt tre i forholdet. (Rett nok gifter han seg seinare to gonger.)

Underkastinga under denne poetiske avantgarde-retninga varer i fem år, til desember 1934. «Surrealismen er død som fylgje av den idiotiske sekterismen til tilhengjarane,» skriv han då i eit brev.

«René Char var surrealist. Kaptein Alexander fann ut det nytta ikkje med dagordrar i surrealistisk stil, han laut til med fransk,» skriv Olav H. Hauge med ironisk snert. (10.1.1977, IV s. 354) Kor som var hadde Char teke avstand frå surrealismen fleire år før han slutta seg til den franske motstandskampen i 1939 - under namnet «Capitaine Alexandre» - endå før motstandsørsla var organisert. René Char hadde vore i Tyskland, og hadde ei sterk kjensle av kvar det bar -.

Motstandskampen – «école de douleur et d'espérance» (ein skule i smerte og von) – var ei grunnleggjande røynsle for René Char. Ved frigjeringa hadde Kaptein Alexander under sin kommando meir enn to tusen væpna menn, og hadde mellom anna kontroll over det største lageret av våpen og eksplosivar i Sydaust-Frankrike.

Ved krigens slutt får han heltestatus. Men han avslår alle æresteikn – som å bli borgarmeister i heimbyen. Han vender attende til Paris, og til Poesien. Dei gamle diktarvenene finn saman att, nye kjem til. Han blir nær ven med Albert Camus, og ven med kunstnarar som Matisse, Braque, Juan Miró, Pablo Picasso -. Han læt seg inspirera av kunsten deira.

Om krigen var slutt og fascismen og nazismen nedkjempa, låg den kalde krigen på lur, med ny ideologisk strid og våpenkapplap mellom den tidlegare allierte Sovjetunionen og vestmaktene, med USA i spissen. Men også innan det franske samfunnet var motsetningane store, noko som mellom anna kom til uttrykk i høglydte diskusjonar blant kunstnarar og intellektuelle på dei litterære kaféane i Paris. Mange, som Jean-Paul Sartre, tok parti for sovjetkommunismen. Albert Camus og René Char var på den motsette sida, endå om dei hadde teke parti for republikken og kommunismen under den spanske borgarkrigen. Char ser med pessimisme på framtida. Etter kvart forlet han Paris og slår seg ned i heimetraktene. På 1950- og 60-talet er han blitt ein kjend og høgt respektert fransk diktar.

Familieeigedomen Névens var seld, og han slår seg til eit typysk provencalsk gardshus – ein såkalla *mas* – i den vesle landsbyen Busclats utanfor L'Isle-sur-la-Sorgue. Her lever han i eit slags frivillig eksil, utan telefon og utan bil, med vener som kjem på vitjing, og der kontakten med utanverda ellers er den daglige turen på postkontoret. Ved stambordet på Café de la Poste sorterer han sine brev.

Om ein gjer ei samanlikning mellom livet til desse to store europeiske diktarane, René Char og Olav H. Hauge, ser ein fort at dei i lange periodar levde så ulike liv som vel kan tenkjast – den eine i sentrum, den andre i periferien. I den siste tredelen av livet hadde dei kanskje ikkje så ulike liv likevel. Olav H. Hauge var òg blitt ein kjend og akta lyrikar, no fann verda fram til han i Ulvik, slik ho fann fram til Char i landsbyen hans.

Den franske hellenisten Pascal Charvet skriv fylgjande om René Char, og om ein byter ut dei orda som er sereigne for heimetraktene til Char, med tilsvarande for Hauges landskap, slår det meg at orda like gjerne kunne vera sagde om sistnemnde: «René Char er fyrst og fremst eit menneske som er roffesta i sjølve jorda i Vaucluse, ei jord som han er trufast mot heile sitt liv, med denne sterke, innforståtte samkjensla med naturelementa, sivet, dei grøne eikene, elva, himmelen med sin mistral. Det er ikkje som råde eller dekorasjon, men som ein heilskap som han er i dialog med. Diktaren bur og skriv midt i hjarta av landskapet sitt, utan tanke for at dette skulle vera regionalisme. Denne nærleiken til jorda i Provence, som vaks seg djupare i åra under motstandsørsla, er fyrste premiss.» (René Char. Le géant magnétique Centenaire. Télérama hors série)

Fyrste gongen Hauge nemner René Char i dagboka er den 30. januar 1965. Då gjev han att siste strofa av René Chars dikt Pyrénées frå samlinga *Matinaux* (1950) under overskrifta «Ord for dagen» (30.1.1965, II s. 596):

Ah! La neige est inexorable  
Qui aime qu'on souffre à ses pieds,  
Qui veut que l'on meurt glacé  
Quand on a vécu dans les sables.

(Å! Snøen er nådelaus  
som likar at ein lir ved føtene hans,  
som vil at ein døyr som is  
Når ein har levd i sandviddene.)  
(omsett av art. forf.)

Fyrste delen av diktet lyder slik:

Montagne des grands abusés,  
Au sommet de vos tours fiévreuses  
Faiblit la dernière clarté.

Rien que le vide et l'avalanche,  
La détresse et le regret!

Tous ces troubadours mal-aimés  
Ont vu blanchir dans un été  
Leur doux royaume pessimiste.

Dette diktet får i alle høve meg til å tenkja på Olav H. Hauges «Fjell lokkar ikkje meg lenger»  
(*Janglestrå*, 1980):

Fjell lokkar ikkje meg lenger.  
Eg har levt lenge nok millom kalde breidar.  
Enno leitar eg meg fram i skogane, lyder  
til haustvinden, stoggar ved tjørnane,  
fylgjer elvane. Endå seint på året  
kan du finna bær der.  
Fjell lyt du yver skal du koma lenger.  
Nutane fær stå der dei stend til méd.

Om ein går djupare inn og samanliknar verka til den franske og den norske diktaren, vil ein truleg finna både parallelar og motsetnader. I den varme oktoberkvelden i Marseille framsto dei to i djup harmoni og samklang for eit oppmerksamt lyttande publikum.

(Omsetjingane frå fransk er av art. forf.)



Nicolai Astrup: «Vårnatt i hagen» (1909)

#### «Til eit Astrup-bilete»

Kan hende drøymde dei um dette her  
å møtast på ein klote, på ein stad  
der hegg og apal stend i syreblad  
og blømer slik ei dulgrøn vårnatt nær

ved fjorden? Vera saman, planta bær  
og så ein innvigd åker rad for rad  
med urter bak ein steingard som dei la  
kring helga lundar, dei som fyre fer?

Dei er i riket sitt og sår si jord.  
Og vårnatti er ljøs av draum og gror.  
Dei legg kje merke til at ein kjem stilt

i snjoskardet og stig på vatnet no.  
Men då dei natta, såg dei månen vod  
i gullserk ute der so unders mildt.

(Frå *På ørnetuva*, 1961)

Sveinung Time:

#### Kven er mannen i månen?

- Refleksjonar omkring «Til eit Astrup-bilete»

Til dei beste blant Olav H. Hauges dikt høyrer fleire av sonettane. Dei er stor versekunst formelt sett, og samstundes tematisk så innhaldsrike og spanande at ein aldri blir ferdig med å grunne på dei. Tekstane rører ved djupe eksistensielle kjensler og minne - samstundes som dei er intellektuelt utfordrande «gåter» - gåter som gjerne endrar seg med livserfaringa til lesaren og kallar fram ulike opplevingar og tankar. Eit fellestrekk ved fleire av sonettane er at dei på same tid rommar ei tankevekkande uro, men gjev ein forunderleg tryggleik likevel.

Det er neppe rett å rangere Hauges dikt. Heller ikkje sonettane. Men til mine favorittar høyrer «Gullhanen» og «Tid å hausta inn». Dette essayet skal likevel handle meir om «Til eit Astrup-bilete» og kjensler, tankar, annan lesnad og hendingar *det* diktet er blitt vovne saman med i mitt seinare liv.

\*\*\*

Å få barnebarn er ei skilsettande hending. Det veit alle som har opplevd det. Ein kan til dømes kome til å tenke tankar som: «Kanskje er det nå ikkje så farleg å døy, likevel?».

Dei første trilleturane med mitt første barnebarn, Leon, fann stad på Framnesvegen, Vikøy i Kvam. (Ein veg som før hadde ein allé av hundre år gamle lønnetre – ein allé som også O.H. Hauge agefull hadde spasert på ved ein snarvisitt - nokre år før trea med alle årringane brått, på *ein* føremiddag, fall for motorsaga. Ho får det som ho vil, motorsaga.)

På ein av desse trilleturane - det kan ha vore ein av desse milde haustdagane i september – hadde eg med meg ei lita samling essay av Martin Heidegger (i tilfelle eg skulle få ei ekstra god tid mens barnebarnet sov i vogna ved fjorden). Eit essay heiter «Hebel – husvennen» og handlar om den tyske diktaren Johann Peter Hebel (1760-1826) som bl.a. var kjend for konsekvent å nytte dialekt og framheve det stadbundne folkemålet og heimstaden i skriftene sine. Men samtidig var han universell og blei beundra av til dømes Goethe, brørne Grimm og Tolstoj.

Heideggers innleiingsspørsmål i essayet er «Hvem er Hebel?» Det får mange svar som ikkje skal refererast her. Men den tankerike teksten utviklar seg stegvis til å bli eit essay som *opp-hevar* motsetnaden mellom det lokale (dialekt) og det universelle (høgtysk) - og som argumenterer for at stor dikting nettopp viser seg når det enkle og det konkrete blir *opp-løfta* og *opp-bevart* i diktarspråket:

Dialekten er den hemmelighetsfulle kilde til ethvert naturlig fremvokset sprog. Ut fra den strømmer alt det til oss som er gjemt i sprogets ånd. [...] Men høynelsen leder henimot det enkle. Å høyne sproget henimot det enkle vil si: Å forvandle alt til den milde glans av det rolig klingende ord.

Vidare utviklar Heidegger tankar om tilhøvet mellom det universelle og *staden*, kva det vil seie å bu og ha hus og heim; - noko som Hauge også undersøker: «Her. Her i denne verdi». Heidegger kallar Hebel «Husvennen» (namnet på nokre kalenderskrifter Hebel publiserte). Og *husvennen* blir samanlikna med *månen*: «*Jordens egentlige husvenn er månen*». Og *månen* blir med Hebels ord Heideggers figur for den gode diktaren og hans oppgave for oss andre «her i denne verdi»:

[...] hva har så egentlig månen å utrette på himmelen? – Svar: det samme som jorden. Så meget er sikkert: Ved sitt milde lys, som er gjenskinnet av dens solskinn, opplyser

den våre netter. Og ser til hvordan guttene kysser pikebarna. Den er vår jords egentlige husvenn [...], og den øverste generalvekter mens de andre sover» (s. 43)

Altså: diktaren Hebel = husvennen = månen = den gode diktaren som kastar lys over det vesentlege og får oss til å sjå det i nytt lys:

Dikteren forsamlar verden i en sigen hvis ord forblir en mildt tilbakeholdt skinnen, hvor verden kommer til syne som ble den øynet for første gang. Husvennen vil verken bare belære eller oppdra. Han vil gi leseren frie hender så denne selv kan nå frem til en imøtekommenhet overfor det vesentlige [...] (s. 46)

\*\*\*

Kva har dette med «Til eit Astrup-bilete» å gjere? Kanskje ikkje så mykje akkurat *den* milde soldagen i september ved Hardangerfjorden mens barnebarnet sov og brislingfiskarane gjorde lyskastarane sine klare for sveip over fjorden. - Men alt då blei det vekt assosiasjonar og refleksjonar – tankelyskastingar - mellom opplevingane på trilletteuren og anna lesing og arbeid med Hauges dikt.

Både i Hauges «Til eit Astrup-bilete» og Astrups biletmotiv «Vårnatt i hagen»<sup>1</sup> (som diktet er ei poetisk tolking av) er fullmånen sentral. I diktet blir månelyset personifisert. Månen er både måne og ein skapnad som stig ned frå himmelrommet, listar seg ned fjellet og går på vatnet: «[...] ein kjem stilt/ i snjoskaret og stig på vatnet no» (linje 11-12) – og nærmar seg den innegjerda hagen der ein mann og ei kvinne arbeider – ennå, ved nattestider.

Månen som figur og symbol er brukt på mange ulike måtar i litteraturen. Ofte er den bleike månen knytt til døden, i motsetnad til den livgjevande sola. Men månen symboliserer også fruktbarhet og kvinneleg skaparkraft, det sykliske og alle tings evige rundgang. - Også Hauge brukar månen (både den nye og den gamle) på ulike måtar. Månelyset kan dukke opp som noko viktig i slutten av sonettar, som i «Gullhanen» og «Kveld i november». Eller som i det mørke diktet «Eg dreg ifrå glaset». Der «... ritar morgonmånen med hard negl» - «d.v.s. han kjem med krav til oss, påmingar» som Hauge sjølv seier om dette i dagboka 14.11.1962.

Kva er så månen i diktet «Til eit Astrup-bilete»? Her er månen inga «hard negl». Tvert om er det i lys av ein fruktbar fullmåne paret sår og plantar, som ei nærast sakral handling i livssyklusen. Diktaren plasserer paret «Her. Her i denne verdi», akkurat *nå*, - men med perspektiv bakover til forfedrene, «dei som fyre fer», - og framover: «Og vårnatti er ljøs av draum og gror».

Men denne nesten totale harmonien blir mellombels svakt uroa mot slutten av diktet. Diktaren, han som tolkar Astrup-biletet, gjer lesaren merksam på noko som paret sjølv ikkje ser: «Dei legg kje merke til at ein kjem stilt/ i snjoskardet og stig på vatnet no».

Kven er så denne «mannen i månen»? Er han ein frelsar der han stig ned frå himmelen og går på vatnet? Tilfører han diktet eit tids- og dødsmedvit som paret i hagen manglar – før dei også til slutt ser «... månen vod/ i gullserk ute der so unders mildt.»

Tolkingane av dette har vore mange og til dels motstridande. I lys av trilletteuren med barnebarn, Heideggers tankar om diktaren Hebel og OH Hauges enkle, men likevel gåtefulle dikting, vil eg kan hende svare slik på kven mannen i månen er:

Mannen i månen er kunstnaren og kunsten. I diktet nærmar det diktariske «eg» seg Astrup-biletet med undring og spørsmål til det han ser. Og lesaren blir invitert til å nærme seg *diktet* og *eige liv* med undring og spørsmål til det som skjer. *Kan hende drøymde vi om dette. Her? – Kan hende drøymde vi om noko. Anna?* Uansett korleis *dette* er; får ein i siste del av sonetten eit opp-løftande svar av «mannen i månen».

For i ”Til eit Astrup-bilete” møtest ordkunstnaren og biletkunstnaren og blir månens milde lys. Saman går dei på vatnet og ser korleis det står til. Saman løfter dei strevet og kvardagen opp i kunsten og kastar lys og mening over den – for oss som ikkje alltid elles legg merke til kva det vil seie å høyre heime. *Kunstnaren* og kunsten er mannen i månen, *vår husvenn*, som «Ved sitt milde lys [...] opplyser våre netter», «so unders mildt» – før vi nattar.

Sitert litteratur:

Heidegger, Marin: «Hebel – husvennen» i *Oikos og Techne. «Spørsmål om teknikken» og andre essays*. Oslo 1973. Tanum forlag

Hauge, Olav H. *Dagbok 1924 – 1994*. Oslo 2000. Samlaget

<sup>1</sup> Det er her tale om eit motiv Astrup heilt sidan «Prestegårdshagen i måneskinn» (1893) laga ei rekke versjonar av. Bl.a. tresnittet «Maimånen» (u.d.) og variantar av «Vårnatt i hagen» (1909). Fellestrekk ved motivet er vårnatta, dei same landskapsformene, den inngjerdte hagen som ei mann og ei kvinne arbeider i. Eit sterkt månelys som blir reflektert i vatnet er sentralt og dominerande i alle versjonane.

Hauges dikt er eigentleg ei takkehelsing for ein reproduksjon han fekk av dette motivet – som han har omtala fleire stader i dagboka, bl.a. 8.11.1958 og 4.03.1959.

Få Hauge-dikt er det skrivne så mange analysar av som «Til eit Astrup-bilete». Min tekst her er ikkje ei slik tolking, men eit essay om korleis noko loydomsfullt i kunsten får tyding og mening i samspel med det levande livet.

Anne Karin Fonneland:

## Å LYDA ETTER VINDEN.

Det hender at eg seier til meg sjølv: ”Det gjeng an å leva i kvardagen og.” Det kan vera ein vanleg morgon medan eg sit ved frukostbordet og smakar på den nytrekte kaffien, eller det kan vera i ein grå haustmorgon på veg til jobb, der eg kvir meg litt, men tenkjer at eg er heldig som har både jobb og det eine med det andre... Sitatet kjem fram og skyv bort minusord som elles kunne auka blodtrykket, gje kroppen slagg og andletet strame musklar, sure miner. Eg har kanskje lært noko frå Olav H. Hauge sine dikt. I alle fall er sitata nyttige påminningar. Ein metode?

Kvifor skreiv han alt dette, tenkjer eg seinare når eg tek ut ei av dei mange dagbøkene frå bokhylla. Kvifor alle desse detaljane frå kvardagen om kven som sende brev, sitat frå ei linje han har lese den dagen og tankar som dette?

*Aas 1 juli 1930: ... ”Eg les når eg hev ei stund slik eg hev gjort. Det er Strindberg som er min felage i sumar. Og eg trivst i hans lag. Det er evig uro, tvil og uttroytande granskning som er det mest særmerkte hjå honom. Eg likar dette: Å lesa Røda Rummet var som å lesa mi eiga andelege livssoge, og standpunktet som helten kjem fram til, er ikkje so ulikt mitt eige.”... (Band 1, s 103)*

Stadfestingar på papiret om det han har gjort og tenkjer. Det er kvardagen med arbeid, skjønnlitteratur og sakprosa, gjerne filosofi, samfunn, politikk, og ikkje minst om dikting og om kva litteratur bør vera. Og så er det møte med andre menneske og tankar både før og etter. Ofte angrar han på noko han har sagt og synes at han har forsnakka seg, og deretter siterer han gjerne kva som bør vera idealet. Slik går dagane med liv og dikting. Det er tydeleg at litteraturen heng saman med livet og bør gjera det ifølgje han:

*28.april 1972 ”- Er det tid til å driva på med individuelle hobbyar, med sine eigne små problem i kunst og dikting? Eg meiner nei. Tidi krev at alle er vakne, kunstnarane og diktarane òg.” (Band 4, s 27)*

Korleis dikta og korleis leva? Kva er det som rører seg der borte over fjorden? Jo, det er ”Elvi burτανum fjorden” ”Ho dett og dett / i dag som i går, /dett i berg /der berre ørn /fuk ”- og til sist : ” i marebunden draum -/ fær ikkje ord fram / ikkje ljod ...” Elva har fått sjel slik naturen får i mykje av det Olav H. Hauge skreiv.

Den som er knytt til naturen og kjenner diktinga til Hauge, vil gjerne oppleva at det kan koma ei linje eller eit sitat opp i tankane når ein er i dei ulike årstidene og kjenner att t.d. lyset i ”Til eit Astrup-bilete” om våren: ”Kan henda drøymde dei um dette her/ å møtast på ein klote, på ein stad... og ” vera saman, planta bær, og så ein innvidg åker rad for rad.” Eller om hausten når ein ser fargane: Linjene frå Haugediktet ”Tid til å hausta inn” kjem kanskje fram og gjev deg ei kjensle av å høyra til i noko som er heilag, men så er det jo berre ein vanleg haustdag på Vestlandet. Hauge kunne skriva om eit korn, ein apal, stabbestein, fjellvind, klunger, regnbogar ... Det er berre å lesa titlar og dikt i Hauge si *Dikt i samling*.

Det er ei intens oppleving av det som er omkring i naturen, og det er stadige tankar om kva som er og om kva som skulle ha vore. Det slår meg at Olav H. Hauge søkjer å læra og forstå heile tida. Han lyer, ser, opplever og skaffar seg erfaringar. Deretter prøver han ut tankane gjennom tekstane sine. I dagbøkene treng han ikkje tenkja på sensur, medan dikta blir til gjennom hardt arbeid. Hauge er forskar. Han prøver ut tankane gjennom skrifta, men han etablerer også seg sjølv frå ståstad til ståstad.

I nokre år underviste eg i lyrikk ved Valekrossen skule som er knytt til Valen sjukehus. I invitasjonen til kurset hadde eg følgjande dikt frå *Dropar i austavind*: ”Og eg var sorg og heldt til i ei hole/ Og eg var ommod og bygde attum stjernone/ No byggjer eg i næraste treet/ og um morgonen når eg vaknar,/trær furua gull på nåli.”

Det var nokre elevar på kvart kurs, og eg fortalde dei om dikteren som hadde vore svært sjuk og innlagd på Valen fleire gonger. Dei fekk kjennskap til fleire av dikta som t.d. ”Kornåkeren”, ”Det blå landet”, ”Dette er ikkje nokon armod's stad”, og vi snakka gjerne om tilstanden som blir skildra i diktet ”Attum einsemds berg”. ”Å, du attum einsemds berg!/ Det renn attende/so løynd ei elv./ um du som Sinbad torde fylgja henne.”

Er ikkje god litteratur av og til betre enn psykologi for den som søkjer endring? Er det ikkje medvit og søking som skal til for den som er i stand til det? Psykologen Pål Johan Karlsen seier følgjande i boka *Psykologi i et nøtteskall*:

” *Psykologi er det vitenskaplige studiet av atferd og mentale prosesser, og fagets utøvere har som oppgave å bidra til innsikt og medvirke til ønskelige, kanskje til og med etterlengtede, forandringer for enkeltmennesker, familier, grupper og samfunn.* ” (Karlsen, 2015 s 247)

Olav H. Hauge lengta etter endring, men i hans ungdom var det ikkje ei helsesøster eller eit psykologteam knytt til helsetenesta som skulle fanga opp eventuelle psykiske problem hos barn og unge. Nei, ein laut klara seg sjølv, og dårlege nerver burde ein helst ikkje røpa noko om til andre enn dagboka, og det er kanskje det Hauge byrja med?

8 januar 1931: ” ...I vinter hev det vore reint utgjort. Etter at eg vart dårleg i haust i Ås, hev eg vore skral heile tidi. Det hev ikkje vilja besna. Kva grunnen kan vera til all denne nervositeten, er ikkje godt å segja.” (Band 1, s 109)

Gjennom alle dei mange dagbøkene skriv Olav H. Hauge om korleis han opplever både redsler, fantasi, søvnløse og sjukdom. Han les filosofi og gjer seg tankar om kva som gjerne bør vera retningar og haldepunkt for eit menneske. Han lever med arbeidet og årstidene og i dette ser og tenkjer han også mykje om det som er livet sine vilkår. Mennesket er som graset, kunne ein gjerne sitera ifrå Bibelen, og visdomstradisjonen var kunnskap Hauge ofte refererte til. Svært tidleg har han erkjent at døden er der for alt som lever: ”Å telja våre dagar, det lærte du oss, so me kan få visdom i hjarta!” (Salme 90, 12. vers)

Hauge grubla over kva som var sjukt eller normalt. Han førte sine faste notatar i ein kultur som var i endring, men som hadde hatt rettferd, visdom, måtehald og mot som viktige grunnpilarar saman med kristen etikk.

Truleg vart Hauge sin eigen psykolog. Kanskje var det umedvite, men han må ha skilt mellom attrå og fornuft slik Aristoteles skilde mellom ”kata logos” (etter fornufta) og ”kata patos” (etter kjenslene.) I alle fall erkjente Hauge tidleg at han mangla vilje, og det verkar som om han heile tida prøver ut sine intrapsyriske konfliktar gjennom notatane sine. Han var kanskje med andre ord sin eigen beste terapeut. Det kan verka som om forskinga, utprøvingane og stadfestingane til Hauge var med og etablerte det sjølvstet som gjerne vart meir og meir tydeleg, og som etterkvart gjorde han frisk. (27 mai 1961, Band 2, s 215-217) Om vi går tilbake til ovannemnde sitat om psykologien si oppgåve: ”...bidra til innsikt og medvirke til ønskelige, kanskje til og med etterlengtede forandringer for enkeltmennesker...” (Karlsen, 2015) kan det sjå ut til å stemma med Hauge sitt fokus på tankar/liv og kva som skal til for endring og ”presisjon.” Når det er sagt, er dette ikkje noko forsøk på å bortforklara at Hauge hadde bruk for psykiatrien. Vi veit at det var nokon som måtte ta over når sjukdommen tok overhand og han vart søvnlaus og psykotisk.

I mitt eige arbeid med elevar syntest eg å sjå at enkelte vart meir opne gjennom egne dikt. Nokre elevar gjekk fleire kurs, og eg hugsar spesielt ei jente som først hadde håret som eit forheng framom ansiktet, og som ikkje ville lesa høgt frå det ho hadde skriva, men som seinare vart i stand til å opna både ansiktet og språket. Det var fint å oppleva. Det var også interessant å registrera at dikta kunne byrja i eit veldig mørke, ofte omkring same tema, og at eleven måtte få vera der i fred med sitt tema heilt til ein kunne sleppa inn anna, som t.d. meir leikande arbeid med dikta knytt til ulike verkemiddel.

Vi høyrrer om ein stadig auke i psykiske problem blant barn og unge. Får dei ro og rom til å ”etablara ”seg sjølv, er det nærliggjande å spørja.

”Mange års røynsle med pil og boge” er ein av titlane til Hauge og truleg svært dekkande for det han heldt på med. Meir kunnskap, større presisjon og det å vera medviten i høve til målet. Han øvde seg på å leva og dikta. ” *Det var eit lese liv, difor var det eit levd liv, difor var kvar samtale om litteratur ein samtale om livet, difor var oppgåva ikkje å gjera livet til draum, men draumen til liv*”( Åmås, 2004.)

Eg tenkjer på kva som vil skje med oss som ” lever på nettet” i eit krysspress frå media og mektige premissleverandørar. Klarar vi å finna haldepunkt for oss sjølv og samfunnet på eit stadig meir flimrande, variert, og freistande tilbodstorg? Barn og ungdom veks opp i eit digitalsamfunn og med ein skule der presentasjonane er ferdige før elevane får tenkja. Det er det motsette av det dikteren dreiv med. Det kan uroa nokon kvar.

Den nye skulen har ei anna tilnærming til språk og litteratur enn den tradisjonelle skulen. Språk og litteratur er ytre fenomen som blir granska gjennom korte tekstar frå kvar periode i litteraturen, medan ein i det gamle gymnaset hadde ei rekkje heile verk frå kvar periode i pensum, og der tema og teksten sin relevans hadde mykje større plass enn det har no. Med større vekt på det humanistiske perspektivet vart litteraturen og språket levert som aktualitet til kvar elev: Kven er eg? Kvar kjem eg frå? Kva gjer eg her? Kvar går eg til? Korleis brukar eg språket og korleis bør eg leva?

Olav H. Hauge gjekk ikkje på gymnaset, men i ein folkeskule der læraren las mange bøker til elevane. Hauge referer til dette i dagbøkene, og fortel også om alle dei andre som han diskuterte bøker med i barndommen og seinare. Dette gjorde godt for han som søkte ”å finna seg sjølv,” men det var ikkje alle som syntest noko om at ein skulle grava seg ned i litteraturen heller. Fleire såg på det som farleg, og nokre meinte også at det var bøkene som gjorde Hauge til ein ”sjuk grublar.”

Kvifor syner ikkje elevane interesse for litteratur og norskfaget i så stor grad som tidlegare, og kvifor taper nynorsken stadig for bokmålet, er det mange som lurar på. Politiske parti klagar over at elevane må læra diktning i skulen og brukar det som skulesak i valkampen. Svært

mange sluttar seg til slike synspunkt og kan ikkje fatta kvifor ein skal driva med slikt i skulen. Få etterlyser nynorsk litteratur, og ein ser det ikkje alltid i samheng med evna til å skriva nynorsk slik ein gjorde før. I lærebøkene/nettstadane taper nynorsken i høve til bokmålet. Kva som er litterær kvalitet, er også ei upopulær problemstilling når sterke bokaktørar set dagsorden.

Skuleeigarane kjempar vilt med nye undervisningsmetodar for å ”halda på” elevane, men få spør om kvifor elevane held seg uengasjerte og ”tilbakeleente.” Dei gjer plikta si for å oppnå dei karakterane dei må ha, men har lite engasjement i forhold til både språket og faget. Kvifor forsvinn diskusjonane om oss sjølve som individ og samfunnsaktørar?

Men menneska er vel dei same i alle dagar likevel, spør eg meg i kvardagen som lærar ved Kvinnherad vidaregåande skule og hugsar Sigrid Undset sitt kjende sitat. Eg snur meg mot tavla og skriv: ”Eg er ein båt utan vind /Du var vinden/ Var det den leidi eg skulde?/ Kven spør etter leidi/ når ein har slik vind!”

Elevane blir stille. Det er noko som rører seg i fleire av dei. Det ser ut til at dei kjenner seg att og forstår. Det gleder meg, for eg vil så gjerne dela nokre av dei litterære skattane som har gitt meg sjølv så mykje. Men eg veit også at tida og kulturen sitt hovudfokus går utanfor litteraturen og tenkjer på alt det fantastiske som mange går glipp av. Eg trøystar meg med nok eit sitat av Hauge: ” når det kjem til stykket er det/ so lite som skal til, og det vesle/ har hjarta alltid visst.”

Men trøysta varer ikkje lenge. Kvar ligg sanninga til IS soldatane? I hjarta? Fundamentalistar har ofte hatt ”brennande hjarte”. Dei presenterer ferdige sanningar og spreier via nettet ut over heile verda. Dei unge sjelene som ikkje får føla, tenkja, diskutera og prøva ut kan vera aktuelle rekruttar når både Noreg og Europa har ein svært motsetnadsfull og uoversiktleg kultur der ulike religionar, medium og kapitalkreftene sine teoriar rår. Korleis blir det då med evna til å finna sin plass midt i dette?

Dei merksame har lenge merka hybris i høve til den kulturarven som har hatt retten til å fylla jorda og leggja ho under seg sett opp mot den hellenske arven som minner oss om at naturen har grenser som vi ikkje kan trakka ustraffa over. I desse dagar har vi det 21. toppmøtet om klima i Paris. Det er nokon som har innsett lenge at det er behov for moderasjon, men det har tydelegvis vore altfor få som har orka å ta dette innover seg.

I dagboka frå 1962 siterer Hauge ei forteljing om korleis italienske prestar ein gong i tida heldt ein måla skjerm framfor dei dødsdømde sitt ansikt fordi dei ikkje skulle sjå skafottet. ”Det eksistensielle sprang” har nokon kalla denne skjermen. Hauge siterer vidare eit ord av Milton:

*“Let us consult/ What reinforcement we may gain from hope:/If not, what resolution from despair.”* (Band 2, s 324)

Olav H. Hauge innsåg behovet for søking etter innsikt, og eg tenkjer at denne typen tenking ville vera eit betre utgangspunkt i klimatoppmøtet enn kapitalen sine forventningar og bortforklaringar. Når byrjar ein å etterlysa klokskap, og ikkje berre kva som er rett kunnskap? Det finst menneske som framleis påstår at klimaendringane ikkje er menneskeskapte. Slik verkar den mentale ”skjermen” for dei som nektar å sjå, men bortforklaringane byrjar å bli meir og meir vanskelege å forsvara. Heldigvis kan det sjå ut til at ungdommen er dei som no kjem til å skapa ei ny rørsle der ein krev refleksjon og handling ut frå jorda sine tydelege teikn. I Klassekampen 12.12.2015 melde Freddy Fjellheim boka *The New Monasticism: An inter spiritual Manifesto for Contemplative Living* av forfatarane Rory McEntee og Adam Buko der han seier at mange søkjande unge menneske ”er gira på konkret solidaritet og omsorg, fremfor karriere og Mammon.” Han viser til ein metode der ein søker kontemplasjon, autentisitet og handling i høve til urett. Buko og McEntee har referert til sitat

frå mange verdsreligionar og gjev frå seg setningar som gjev innsikt når lesaren sit i ro og utfører kontemplasjon ved å sleppa taket i eigne kjensler for å læra.

Dette liknar Hauge sin metode, og eg siterer han igjen slik eg ofte har gjort og skal gjera:

*14 des. 1959...: ” Me er ikkje dei siste blomar på jordi. Som ein avblomstra løvetann byrjar jordi å sleppa sine fnokkar.- Gud vite kvar liv atter skal gro.”*

*”Morgon i diktingi er ikkje morgon, men sjeli sin morgon, gryet i hugen. Kveld er ikkje kveld, men hugens kveld. Vår er sjeli sin vår, haust hugen sitt lauvfall! ”” Våren sitter bak en sten, ” segjer Enckell, ja,- nettupp- stødt, i kvar av oss!”* sa Hauge. ( Band 2, s 61)

Mange vil synast at den naturnære og søkjande metoden til Hauge verkar for tradisjonell og gammaldags. Sjel og natur er upresise og ”romantiske kategoriar,” men Hauge var gjerne den første til å gje seg sjølv kritiske innvendingar som den forskaren han var. Det var kanskje nettopp det som var metoden? Han stilte seg open for svar.

*”Spør vinden,/ helst han tusul./ Han fer vide,/og kjem ofte att/ med godt svar.”*

I vår tid med smeltande isbrear og stigande hav, ser vi at vinden gjev svar.Kva vind er det Hauge helst vil at ein skal lyda etter i dette diktet? Tusul tyder pusling eller sein og umerkeleg. Dette betyr vel då at ein gjerne kan merka seg det som ”den store hopen ” ofte overser eller kanskje ikkje tek på alvor. Vind kjem frå mange retningar og det tyder kanskje også at det krev respekt, innleving og rom om ein skal oppdaga kva tusul vil formidla? I brev til Jan Erik Vold 3.4 1976 skriv Hauge:

*”P.S Loghica. Sjå Kongsspegele under umtalen av Irland. Der stend ei vidunderleg segn um eit vatn i Irland som heiter Loghica. Der er ein liten holme. Berre ein kan bu der um gongen, men der finn dei fred og lækjedom.”*

Stilla og naturen må ha kviskra til ”gartnaren” som gjekk der mellom trea og sørgde for at det skulle bli god haust. Lengten etter innsikt førte til interaksjon med natur og litteratur. Han skreiv ned tankane og tekstane sine med stor vilje og skapingskraft. Dette gjorde vanlege ord til stor og viktig litteratur.

Kjelder: Andersen, Hadle Oftedal: *Speglsalen.*” Artiklar om norsk litteratur. ”Olav H. Hauge og Zen”, Nordica Helsingfors Universitet, 2000.

Det Norske Samlaget: *Hauge, Olav H* Dagbok 1-4. Oslo, 2000.

Fjellheim, Freddy: *Stille revolusjon.* Klassekampen, 5.12. 2015

Hauge, Olav H : *Dikt i samling. Det Norske Samlaget, Oslo, 1996.*

Karlsen, Pål Johan: *Psykologi i et nøtteskall.* Flux forlag AS, 2015.

Stegane, Idar: *Dikt og artiklar om dikt.*”Til Olav H. Hauge på 70-års dagen. Noregs Boklag, Bergen, 1978.

Vold, Jan Erik: *Under Hauges ord.* Det Norske Samlaget. Oslo, 1994.

Åmås, Knut Olav: *Mitt liv var draum.* Det Norske Samlaget. Oslo, 2004.



**Sjølportrett med blå kulepenn**

Nora, kona mi, og eg var stundom på viljing hos Olav H. Hauge i Ulvik, ofte på haustparten. Og då hjelpte vi gjerne litt til med å plukke eple om vëret var til det. Såleis står det i dagboka til Hauge for 7.–9. oktober 1972: "Desse dagane har Stegane og kona vore her. Plukka upp 800 kilo presseple." Om kvelden var det glåd stemming etter arbeidet ute. Ein slik kveld må det ha vore at vi fekk auga på eit lite sjølportrett, teikna av Hauge med blå kulepenn på baksida av eit stensilark med bitar av visetekstar på framsida. Dette portrettet fekk vi då med oss. Det vart lagt inn i diktboka *Spør vinden* som vi hadde fått sendande hausten før. Der har det sidan lege trygt heilt til hausten 2014 då eg skulle sjå etter eit dikt, om det var noka endring i heve til originalen. Vi har ikkje notert kva år vi fekk det, men det må ha vore etter 1971, og oktober 1972 er sannsynleg.

Idar Stegane



Balaone sett frå Rossvoll, slik Olav H. Hauge må ha sett henne.

Foto, tekst: Steinar I. Bergo



Soarhe Kroppar  
i kvite sajo  
lister: regnet grøno

### Styret i Venelaget Olav H. Hauge 2014–2016

På årsmøtet i Ulvik 6. september 2014 vart dette styret valt:

- Leiar: Randi Jåstad, Norheimsund
- Styremedlem: Audun Lødemel, Voss
- Styremedlem: Annelise Thorbjørnsen, Voss
- Styremedlem: Bjørn Finne, Granvin
- Styremedlem: Eivind Bergo, Bergen
- Varamedlem: Torbjørg Austrud, Ulvik
- Varamedlem: Terje Hjartnes, Ulvik

### Kontakt oss på desse adressene:

E-post: [post@venelagethauge.no](mailto:post@venelagethauge.no) eller [randijaa@gmail.com](mailto:randijaa@gmail.com)

Adresse: Venelaget Olav H. Hauge v/Randi Jåstad  
Vikøyvegen 386  
5600 Norheimsund  
Tlf: 915 23 146

Medlemspengar kr 250,- til konto: 3450 30 01960 v/kasserar Anders Kr. Oppheim.  
Hugs å skriva namnet på giroen!

Redaktør for medlemsheftet:  
Audun Lødemel

Funder de klakkene  
Olav H. Hauge